



Verneområdestyret
Setesdal Vesthei,
Ryfylkeheiane og
Frafjordheiane

Møteinnkalling

Utvalg:	AU i verneområdestyret for SVR
Møtested:	, Teamsmøte
Dato:	23.01.2026
Tidspunkt:	08:00

Eventuelt forfall må meldes snarest til en av verneområdeforvalterne. Vararepresentanter møter etter nærmere beskjed.

Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
AU 1/26	Godkjenning av innkalling og saksliste		
AU 2/26	Val av en representant til å skrive under møteprotokollen saman med styreleiar		
AU 3/26	Referatsaker		
AU 4/26	Orienteringssaker		
AU 5/26	Søknad om bruk av snøskuter til merking av vinterløyper og transport til turisthyttene. DNT Sør. Åseral, Bygland og Valle kommune.		2026/462
AU 6/26	Søknad om motorferdsel. Snøskuter. Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde. DNT sør. Bykle kommune.		2026/462
AU 7/26	Søknad om varetransport og kvisting til turisthytter i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde, Bykle, Valle, Sandnes og Sirdal kommuner - Stavanger turistforening		2026/1007
AU 8/26	Søknad om bruk av snøskuter til varetransport og kvisting til turisthytter i Holmavassåno biotopvernområde og Kvanndalen og Dyraheio landskapsvernområder, Suldal kommune - Stavanger turistforening		2026/1007
AU 9/26	Søknad om bruk av snøskuter til varetransport og kvisting til turisthyttene Blåfjellenden, Sandvatn og Langavatn, Sandnes, Gjesdal og Sirdal kommunar - Stavanger turistforening		2026/1007
AU 10/26	Søknad om tilbygg til jaktbu. Gnr. 2, bnr. 8. Kalsvatn - Enden. Dag Hovden mfl. Bykle kommune.		2025/12946
AU 11/26	Søknad om dispensasjon til utplassering av nye besestasjonar for elektronisk sporing av sau i SVR og Frafjordheiane landskapsvernområder, Åseral, Bygland, Sirdal, Gjesdal, Valle og Sandnes kommunar - Jæren Smalalag		2026/1006
AU 12/26	Oppfølging av ulovlig motorferdsel i verneområdet. Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde. [REDACTED]	X	2026/952
AU 13/26	Eventuelt		

AU 1/26 Godkjenning av innkalling og saksliste
AU 2/26 Val av en representant til å skrive under møteprotokollen saman med styreleiar
AU 3/26 Referatsaker
AU 4/26 Orienteringssaker



Arkivsaksnummer: 2026/462

Saksbehandlar: Jørn Trygve Haug

Dato: 19.01.2026

Utval	Utvalsak	Møtedato
AU i verneområdestyret for SVR	5/26	23.01.2026

Søknad om bruk av snøskuter til merking av vinterløyper og transport til turisthyttene. DNT Sør. Åseral, Bygland og Valle kommune.

Vedlegg:

- 1 Søknad motorferdsel Åseral kommune.pdf
- 2 Søknad motorferdsel Bygland kommune.pdf
- 3 Søknad motorferdsel Valle kommune.pdf

Forvaltar si innstilling

Med heimel i kapittel 4 pkt. 5.4.c i *Forskrift om vern av Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane landskapsvernområde*, og *Naturmangfaldslova* § 48, får DNT Sør løyve til å nytte snøskuter til frakt av brensel, proviant og utstyr til turisthyttene Lakkenstova, Josephsbu, Gaukhei, Tjønndalen, Øyuvsbu, Håheller, Svartenut, Bossbu og Stavskar liggjande i Åseral, Bygland og Valle kommune. Løyvet gjeld også for kvisting av eksisterande løypenett til dei nemnde turisthyttene. Unntak gjeld for Ljosland – Lakkenstova der vintermerkinga følgjer tidspunkta for maskinpreparering. Ved køyring skal ein følgje løypenettet slik det går fram av kart 1 – 4 i vedtaket.

Kvisting av vinterløypene kan tidlegast skje 10 dagar før fredag før vinterferien veke 8 i 2026, og 10 dagar før fredag før palmesundag i 2027. All køyring må gjennomførast seinast 30.4.kvart år. Løyvet gjeld fram til 30.4.2027.

I trekksonene *Svarteløkfjellet* og *Vardsvatn - Kvislevassknuten* må all køyring gjennomførast seinast 14.4 kvart år eller 3. påskedag dei åra påska er seinare enn denne datoen. I kalvingssona *Svarvaren* må all køyring gjennomførast seinast 24.4 kvart år.

Løyvet gjeld for inntil to snøskuterar i følgje. Det er ein føresetnad at båe køyretøy bidreg aktivt i transporten og at alle transportane og køyretøya vert rapportert.

Løyvet gjeld for følgjande leigekøyrarar og strekning/turisthytte:

Jan Ove Pytten Flodquist og *Frank Flodquist* – kvisting og transport til Gaukhei turisthytte og Josephsbu turisthytte – Langelonæ.

Aleksander Skeibrok – kvisting Bortelid mot Gaukhei til Bygland grense.

Kjell Ljosland – transport til Lakenstova turisthytte

Björgulf Langeid – kvisting og transport Tjønndalen – Gaukhei.

Richard Tjølsen Nomeland og Ragnhild Nomeland – kvisting Øyuvsbu – Gaukhei, kvisting Myklevatn – Øyuvsbu – Svartenut - Bossbu. Kvisting Øyuvsbu – Håheller. Ved og utstyr til Bossbu og Svartenut. Utstyr til Øyuvsbu.

Olav Jan Nomeland – kvisting Berg - Stavskar – Bossbu, ved og utstyr til Stavskar turisthytte.

Olav B. Berg og Maria Berg – vedtransport til Håheller og Øyuvsbu.

Vilkår:

- Før kvisting tar til skal DNT sør kontakte forvaltningssekretariatet for SVR i høve til om det er observert villrein i nærleiken av dei aktuelle traseane og beitetilhøva gjeldande sesong. Om naudsynt skal tidspunkt for kvisting utsettast.
- Løyvet skal alltid vera med under transporten. Før kvar tur må loggskjema fyllast ut. Skjemaet skal alltid følgje løyvet.
- Om førar under transporten observerer villrein innanfor ein avstand på 400 meter frå traseen skal transporten utsettast slik at villreinen ikkje vert uroa
- Løyvet gjeld for det tal turar som er strengt naudsynt for å kviste løypene og forsyne hyttene. Innan 1. juli kvart år skal DNT sør sende inn ein samla oversikt over tal turar som er gjennomført.

Med heimel i *Forskrift om vern av Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane Landskapsvernområde* kap. 4 pkt. 5.1 bokstav a, og *Naturmangfaldslova* § 48, vert det gjeven avslag på søknad om snøskuterløyve for fire år, dvs at løyvet berre gjeld for åra 2026 og 2027.

Til grunn for vedtaket legg arbeidsutvalet vekt på at vintermerkinga av løypene kan oppretthaldast i noko omfang, men at tidspunktet bør reduserast frå tidlegare år. Dei aktuelle traseane går i viktige vinterbeiteområde for villrein. Ved å utsette tidspunkt for kvisting frå vinterferie til påske vil reinen få ein lengre periode med ro, og det vil vera mindre risiko for at reinen trekker tidlegare nordover enn det som er naturleg. Vidare syner arbeidsutvalet til klassifiseringa etter delnorm 3 i kvalitetsnorma. Her vart området kring Josephsbu turisthytte vurdert som funksjonell trekkpassasje med 50 – 90% redusert bruk. I tillegg vart områda kring Bortelid og Ljosland vurdert med 50 – 90 % bruk i høve til funksjonell arealutnytting. Seinare merking i av løypenettet kan bidra til å auke villreinens arealbruk av desse områda. Arbeidsutvalet meiner også at ei utsetting av kvistetidspunkt til påske vert underbygd av forslaget til tiltaksplan etter kvalitetsnorma og verneområdestyret sin uttale til denne.

Ei utsetting av tidspunktet for vintermerking er også ei tilpassing til praksis som har vore i Stavanger Turistforeining sitt løypenett i fleire år. I førre løyve gjeldande ut 2025 vart det også signalisert til DNT sør at det for neste periode kunne kome endring i løyperegimet på sikt. Løyvet vart difor avgrensa til to år.

For at DNT Sør og brukarane av løypenettet skal ha noko tid til å tilpasse seg endringane kan kvistinga for 2026 gjennomførast som tidlegare år, dvs tidlegast 10 dagar før første vinterferieveke, dvs fredag 6. februar 2026. Frå og med 2027 er det 10 dagar før fredag før palmesundag som gjeld.

I tiltaksplanen (tiltaksplan 2) er det lagt opp til eit større arbeid med å redusere den samla påverknaden frå motorferdsel i villreinområda. Vernemyndigheitane mfl. er gjeven eit ansvar i gjennomføringa. I ljøs av dette bør det for dei større aktørane med mykje motorisert ferdsel settast i gong eit arbeid med å konkretisere og iverksette dei nemnde tiltaka. Av den grunn bør løyvet for turistforeiningane i denne omgang avgrensast til to år. I løpet av denne perioden er det ei klar forventning om at alle dei større aktørane har ei kritisk gjennomgang av eigen verksemd med siktemål å redusere motorferdsla. I tillegg sjå på korleis naudsynt

motorferdsel kan gjennomførast med mindre forstyring av villreinen. Ramma for eit slikt arbeid bør leggjast fram som ei eigen sak for verneområdestyret.


Kart 1. Godkjend køyretrase merka med blå line. Ved Nera Vevatn sør for Pytten skal raud trase følgjast



Kart 2. Godkjend køyretrase til Lakkenstova merka med blå line.



Kart 3. Godkjend køyretrase merka med blå line. Ved Håheller th. skal raud trase følgjast. Traseen i Evardalen skal berre nyttast i samband frakt til turisthyttene og er såleis ikkje godkjend for merking/kvisting.



Kart 4. Godkjend køyretrase merka med blå line



For søkt motorferdsel vil det i mange høve også vera naudsynt med løyve etter *Lov om motorferdsel i utmark*. Søknad om dette må sendast kommunen.

Etter § 10 i *Lov om motorferdsel i utmark* kan grunneigar nekte motorferdsel på sin eigedom. Vi oppmodar difor om at du hentar inn samtykke frå aktuelle grunneigarar der dette skulle være naudsynt.

--- slutt på innstilling ---

Saksopplysninger

DNT Sør har søkt om løyve til bruk av snøskuter til merking av vinterløyper og naudsynt transport av materialar, brensel, proviant og utstyr til turisthyttene dei har i Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde. Aktuelt løypenett og turisthytter ligg i kommunane Åseral, Bygland og Valle. Det er også søkt om tilsvarande transport til Sloaros turisthytte med tilhøyrande løypenett. Denne vert handsama som eiga sak.

Det er søkt om løyve for fire år og utan avgrensing i tal turar. Av omsyn til tryggleik er det ønskeleg at dei kan køyre to snøskuterar i følgje.

Det er lokale folk som skal stå for transporten og med følgjande fordeling på hytter og strekningar:

Jan Ove Pytten Flodquist og Frank Flodquist – kvisting og transport til Gaukhei turisthytte og Josephsbu turisthytte – Langelonæ.

Aleksander Skeibrok – kvisting Bortelid mot Gaukhei til Bygland grense.

Kjell Ljosland – transport til Lakenstova turisthytte

Björgulf Langeid – kvisting og transport Tjønndalen – Gaukhei.

Richard Tjølsen Nomeland og Ragnhild Nomeland – kvisting Øyuvsbu – Gaukhei, kvisting Myklevatn – Øyuvsbu – Svartenut - Bossbu. Kvisting Øyuvsbu – Håheller. Ved og utstyr til Bossbu og Svartenut. Utstyr til Øyuvsbu.

Olav Jan Nomeland – kvisting Berg - Stavskar – Bossbu, ved og utstyr til Stavskar turisthytte.

Olav B. Berg og Maria Berg – vedtransport til Håheller og Øyuvsbu.

Køyreruta går i etablert løypenett og går fram av vedtaket i saka.

Søknaden gjeld fornying av løyvet som gjaldt ut sesongen 2025. Varigheita av dette vart avgrensa til to år grunna moglege endringar som følgje av arbeidet med tiltaksplanen for villreinområdet. Førre løyve vart handsama som delegert sak. Då saka denne gongen legg opp til ei innskerping av tidlegare praksis vert saka lagt fram til handsaming i arbeidsutvalet.

Formell bakgrunn for vurdering og vedtak

- Forskrift om vern av Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde av 28.04.2000
- Naturmangfoldloven
- Forvaltningsplan for verneområda i Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane frå 2015.

Heimelsgrunnlag

Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane landskapsvernområde vart verna ved Kronprinsregentens resolusjon av 28. april 2000. Føremålet med vernet er etter kapittel III i Føreskrift om vern av Setesdal Vesthei- Ryfylkeheiane landskapsvernområde:

1. Å ta vare på eit samanhengande, særmerkt og vakkert naturområde med urørte fjell, hei og fjellskogsområde med eit særmerkt plante- og dyreliv, stølsområde, beitelandskap og kulturminne.
2. Å ta vare på eit samanhengande fjellområde som leveområde for den sørlegaste villreinstamma i Europa.

Motorisert ferdsel i Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane landskapsvernområde vert regulert av verneforskrifta kapittel 4 kapittel 5.1.a kor det heiter at motorisert ferdsel på land er forbode. Etter kapittel 4 pkt. 5.4.c kan det gjevast løyve til naudsynt luft og snøscootertransport for transport av materialar, brensel, utstyr og proviant til hytter og buer.

For merking/stikking av vinterløyper er det inga særskild dispensasjonsheimel. Denne delen av søknaden må difor handsamast som ein dispensasjon etter § 48 i naturmangfaldslova. Etter denne bestemminga kan det gjerast unntak frå vernebestemminga om det ikkje strir mot verneføremålet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig.

Nokre av vinterløypene og turisthyttene ligg i del av verneområdet der det er ferdselsrestriksjonar delar av året. Konkret gjeld det:

- Trekksonene *Svarteløkfjellet* og *Vardsvatn – Kvisslevassknuten* i Valle kommune med ferdselsforbod f.o.m. 15.4 t.o.m 20.5
- Kalvingssona *Svarvaren* i Valle kommune med ferdselsforbod f.o.m 25.4 t.o.m 31.5

Vurdering

Vurdering etter naturmangfaldlova (NML)

Etter § 7 i Naturmangfaldlova skal dei miljørettslege prinsippa i §§ 8 til 12 i naturmangfaldlova leggst til grunn som retningsliner ved utøving av offentlig myndigheit. Forvaltingsmyndigheita må ved alle tiltak som vedkjem naturmangfaldet vurdere søknadane etter desse paragrafane

Kunnskapsgrunnlaget (NML § 8)

Kunnskapen om naturmangfaldet er henta frå lokalkunnskap, Miljødirektoratet sin naturbase (www.naturbase.no), database for sensitive artsdata samt frå NINA sitt GPS-merkeprosjekt. I tillegg kartfortelling delnorm 3 ([Delnormtresetesdalryfylke | Villrein](#)) som vart nytta i klassifiseringa etter kvalitetsnorma. Vi har også nytta *Råd og retningsliner for forvaltning av rovfugl og ugler i SVR* (J.E. Gunnersen mfl. 2017)

Jamfør naturbasen ligg dei aktuelle turisthyttene og løypestrekningane innanfor viktige vinterbeiteområda for villrein. Vinterbeiteområda liggjande i Valle og nordleg del av Bygland kommune vert mykje nytta av villreinen gjennom vinteren, både av bukkar og fostringsflokkar. Områda sørover frå Bygland og nedover i Åseral vert meir sporadisk nytta av villrein om vinteren, og då gjerne mindre bukkflokkar. Reinen trekker normalt nordover utpå vårparten, men ein og anna mindre bukkflokk kan stå att over sommaren. Vinterbeiteområda i Bygland og Åseral er særleg viktige i dei vintrane høgheia lengre nord isar ned.

I samband med klassifiseringa delnorm 3 vart områda kring Josephsbu turisthytte vurdert som funksjonell trekkpassasje med 50 – 90 % redusert bruk av villrein på vinteren. I området Ljosland – Bortelid ble villreinen vurdert å ha 50 – 90 % prosent redusert arealutnytting. Sjå kartutsnitt nedanfor. Aukande utfart fra hytteområda i Åseral og Sirdal blir peika på som ein viktig årsak.

Kartutsnitt henta frå kartfortelling delnorm 3 og syner sonene der villreinens bruk er redusert med 50 – 90%.



Nokre av dei aktuelle løypestrekningane kryssar trekkkorridorar for villrein slik dei er merka av i naturbase. Dette gjeld løypestrekninga Gaukhei – Kvina og Øyuvsbu – Svartenut. Dei kryssar også områda Svarvaren der det i naturbase er merka av kalvingsområde for villrein. I områda Svarvaren har det vore lite kalving dei siste åra. Hovudsakeleg skjer kalvinga i området Ljosådalen lengre nord.

Tre delstrekningar av løypenettet ligg i nærleiken av viktig område for raudlista fugl. Den eine er rett nord for Langevatn i Åseral. Her det det viktig at transportør nyttar mellombels vinterløype over Vevatni. Strekning to gjeld løypa vestover frå Gaukhei. Arten på denne lokaliteten toler noko forstyrring men det kan vera særleg negativt tidleg i hekkeperioden ved etablering på reirplass. Lokaliteten ligg med god overhøgde til løypetrase, noko som gjer faren for forstyrring mindre. Før neste løyveperiode bør det uansett vurderast ei mindre omlegging av traseen i dette området.

Ved Håhellerhytta må traseen følgje isen eit lengre stykke enn det som har vore vanleg til no. Endringane er teken inn i kartet i vedtaket og er merka raudt.

Når det gjeld andre artar er det ikkje registrert informasjon om prioriterte artar, truga eller nær truga artar jfr. «Norsk rødliste». Det er heller ikkje registrert informasjon om utvalde naturtypar, truga eller nær truga naturtypar i aktuelle området.

Ut frå omtalen ovanfor vurderer ein kunnskapsgrunnlaget å vera tilstrekkeleg til å fatte vedtak i saka. «Føre var prinsippet» i NML § 9 vert likevel tillagt vekt i dei vidare vurderingane.

Økosystemtilnærming og samla belastning (NML § 10)

Aktuelle turisthytter og løypenett ligg i eit fjellområde som frå før er sterkt påverka av vasskraftutbygging med tilhøyrande infrastruktur i form av leiingsnett og vegar. Vinterstengd veg Brokke - Suleskard kryssar over heia mellom Setesdal og Sirdal. I kommunane Åseral, Sirdal og Valle er det fleire store hytteområde som genererer ein god del ferdsel inn i verneområdet. Turistforeininga sitt hytte- og løypenett bidreg i seg sjølv til mykje ferdsel innover i verneområdet.

Det er ein god del motorisert ferdsel i desse heiområda. Hovudsakeleg knytt til transport til driftshusvære og sankehytter. Kraftselskap og transport til turisthytter står også for ein monaleg del av den motoriserte ferdsla, i tillegg Statskog sin transport. DNT sør loggførar tal turar med snøskuter i verneområda. I 2024 og 2025 var tal turar høvesvis 67 og 57 for områda dei no søker for. Av desse var 17 og 7 turar knytt direkte til stikking av løyper inkluder ettersyn og innhenting av stikkene.

Transporten har eit avgrensa omfang og ulempa er i første rekke knytt til støy av forbigåande karakter. Det er likevel viktig at ein ikkje berre ser på den aktuelle transporten isolert, men har eit langsiktig og heilskapleg perspektiv på motorferdsla i verneområdet.

Kostnadane ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar og Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar (NML §§ 11 – 12)

Førar er ansvarleg for at transporten vert gjennomført på ei miljømessig god måte. Det er sett ein del vilkår i løyvet slik at belastninga på miljøet skal bli så liten som mogleg.

Som tidlegare år er det søkt om ope løyve utan avgrensing i tal turar. Ein føresetnad for dette vil vera at det kvart år må sendast innlogg slik at ein har oversikt over den totale transportmengda.

Vurdering etter naturmangfaldslova § 48

Kvisting av traseane må handsamast etter denne paragrafen. For å kunne gi løyve er det ein føresetnad at tiltaket ikkje strir mot verneføremålet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig.

Det er ein lang tradisjon for vintermerking av dei aktuelle løypene. Motorferdsla i samband med kvisting er isolert sett av avgrensa omfang og på nivå med det som har vore tidlegare år. Kvisting av løypene inneber som oftast 1 – 2 turar pr. delstrekning, og ofte med bruk av to snøskuterar i følgje.

Gjennom vinteren går villreinen på sparebluss og der forstyrring påverkar dyra negativt ved at dei får mindre beitetid og må nytte ekstra energi på flukt. Dette kan vera særleg kritisk på vårparten for simler som berar kalv. Perioden november – til midten av februar er normalt ei roleg tid i fjellet med lite aktivitet av folk. Etter kvart som dagane vert lysare og snøføret vert meir stabilt aukar også den menneskelege aktiviteten. Fram til no har DNT Sør hatt løyve til å kviste sine trasear tidlegast ti dagar før vinterferien veke 8.

Gjeven den vanskelege situasjonen for villreinen i Setesdal Ryfylke, ref. klassifiseringa i samband med kvalitetsnorma, meiner forvaltar det bør vurderast å utsette tidspunkt for kvisting i viktige vinterbeiteområde. I nokre område bør det kanskje ikkje vintermerkast i det heile tatt. Ved å «opne» fjellet seinare vil ein forlenge perioden med mindre forstyrring frå brukarane av løypenettet. Dei merka løypene kan ha ein kanalisierende effekt på ferdsla, men dette kan ikkje vera avgjerande så lange det skjer i «feil» område, dvs vinterbeite. I nokon grad vil traseane og turisthyttene bli nytta før løypene er kvista, men utan slik tilrettelegging kan ein likevel forvente ein redusert bruk.

For at villreinen skal kunne nytte vinterbeiteområda sørover frå Valle er det vesentleg at dei får mest mogleg ro her så ein unngår å skyve dei nordover tidlegare enn naudsynt. Ser ein på GPS-dataene vil dei fleste dyra, i alle fall simlene, ha kryssa nordover og over veg Brokke – Suleskard innan midten av april månad. Det er usikkert om dette er ein naturleg åtfærd eller om tidspunktet vert framskunda som følgje av aukande ferdsel og forstyrring utover vårparten. Mindre bukkeflokkar kan gå att sør for vegen etter dette. Ved å utsette tidspunkt for kvisting kan ein redusere risikoen for at reinen reiser tidleg nordover og dei får meir ro der dei er.

Utsett tidspunkt for kvisting vart drøfta med dei to turistforeiningane i eit møte 9. januar i år. DNT sør uttrykte frustrasjon over at det no vert føreslått restriksjonar utover det som var del av høyringsforslaget til tiltaksplanen, og at dette gjer det lite føreseieleg for drifta og løypetilbodet. Dei peiker også på viktigheita av dei kvista løypene for tryggleiken til turgåarane. Når løypene er kvista er dei også nyttige for dei som står for varetransporten til turisthyttene.

Forvaltar syner til at det i førre løyve vart synt til pågåande arbeid med tiltaksplanane og med mogleg endring i løyperegimet. Løyvet vart difor avgrensa til to år, dvs ut sesongen 2025.

Avgrensing av kvisting til påske har vore praksisen for store delar av Stavanger Turistforeining sitt løypenett i fleire år. Forvaltar ser det som naturleg med lik praksis for DNT sør sitt løypenett der det er sakleg grunn for dette i høve til verneføremål og verneverdiar.

Tiltaksplanen inneheldt ikkje konkrete forslag om avgrensing av tidspunkt for kvisting, men under tiltakspakke 2 er det føreslått *reduksjon og tilpassing av motorferdsel i utmark i villreinområder*. Her er det synt til utfordringane motorisert og ikkje-motorisert ferdsel gir i høve til reinens moglegheiter til å flytte seg fritt innafor villreinområdet. Vidare vart tidspunkt for kvisting kring Øyuvsbu løfta fram som aktuelt tiltak i verneområdestyret sin uttale. For dei sørlegaste områda peika verneområdestyret på moglege tiltak som *vinterstenging av Josephsbu turisthytte, unngå vintermerking av enkelte løypestrekningar, og stans i maskinpreparering kring Skoræ*. I ljøs av både tiltaksplanen og verneområdestyret sin uttale bør det difor ikkje vera noko stor overrasking om det i den nye løyveperioden vert redusert noko på tilrettelegginga i høgheita.

I tiltaksplanen (tiltakspakke 2) er det lagt opp til eit større arbeid med å redusere den samla påverknaden frå motorferdsel i villreinområda. Vernemyndigheitane mfl. er gjeven eit ansvar i gjennomføringa. I ljøs av dette bør det for dei større aktørane med mykje motorisert ferdsel settast i gong eit arbeid med å konkretisere og iverksette dei nemnde tiltaka. Av den grunn bør løyvet for turistforeiningane i denne omgang avgrensast til to år. I løpet av denne perioden er det ei klar forventning om at alle dei større aktørane har ei kritisk gjennomgang av eigen verksemd med siktemål å redusere motorferdsla. I tillegg sjå på korleis nødvendig motorferdsel kan gjennomførast med mindre forstyrring av villreinen. Ramma for eit slikt arbeid bør leggjast fram som ei eigen sak for verneområdestyret.

Konklusjon

Søknaden vert delvis innvilga. Frå 2027 vert merking av vinterløypene tillate tidlegast 10 dagar før palmesundag.



Verneområdestyret
Setesdal Vesthei,
Ryfylkeheiane og
Frafjordheiane

SØKNADSSKJEMA FOR MOTORFERDSEL I VERNEOMRÅDA

Bruk dette skjemaet ved søknad om motorferdsel i verneområda. Alle punkta må fyllast ut for at vi skal få handsama søknaden. Kart som syner nøyaktig transportrute eller landingsplass skal leggest ved. Søknaden sendast kommunen.

Generelle opplysningar

Søkar... DNT SØR

Adresse... GYLDENLOVESGT. 2 Postnummer og stad... 4611 KRISTIANSD

Tlf. 3812 0750 E-post... mail.dntsor@dn.no

Gnr, bnr. og kommune ved endepunkt av transporten... GAUKHEI, GBNR 4/18 (BYGLAND) LAKKENSTØYA, GBNR 7/65
JOSEPHSBO, GBNR 5/9/2 (BYGLAND)

Er søker heimelshavar på hytta/driftshusvære? ☒ ja ☐ nei. Viss nei, må skriftleg leigeavtale leggest ved.

Kva type transportmiddel skal nyttast... SNØSKUTER

Normalt kan det gjevast inntil 8 årlege turar med snøscooter. Om det er aktuelt for fleire eigarar/brukarar å søke, må tal turar delast mellom brukarane. Bruk av helikopter og snøscooter vert sett i samanheng. Ved bruk av helikopter til ordinær transport til hytte/driftshusvære vil dette redusere tal snøscooterturar med to.

Er det andre som har, eller kjem til å søke, transportløyve til same hytte? ☐ ja ☐ nei. Viss ja korleis skal tal turar fordelast?

BARE DNT SØR SOM KOMMER TIL Å SØKE. MEN TIL GAUKHEI SØKES OGSÅ
OM ANDRE LØYVER. DETTE BERØRER IMIDLERTID IKKE ÅSERAL KOMMUNE.

Skal ein annan person utføre transporten for deg? Skriv i så fall namn på vedkomande:

- ① JAN OVE PYTTEN FLØDQUIST (KVIETING OG TRANSPORT TIL GAUKHEI OG JOSEPHSBO)
- ② ALEKSANDER SKETBROK (KVIETING FRA BORTELID MOT GAUKHEI, TIL BYGLAND GRENSE)
- ③ KJELL LJOGLAND (TRANSPORT TIL LAKKENSTØYA)

Skal løyvet også gjelde for andre personar? Før opp namn. Løyvet gjeld uansett berre for eit køyretøy

Formål og omfang

Kva er føremålet med transporten? FRAKT AV NØDVENDIGE MATERIALER, BRENSSEL, USTYR OG PROVIANST
TIL GAUKHEI, JOSEPHSBO OG LAKKENSTØYA, SAMT KVIETING AV
LØYPE BORTELID - GAUKHEI, LJOGLAND - GAUKHEI, LJOGLAND - JOSEPHSBO

Kor mange turar eller landingar vert det søkt om? VI ØNSKER AT LØYVET GJELDER SOM TIDLIGERE, UTEN
BEGRENSNINGER PÅ ANTALL TØRER.

Kva periode vert det søkt for? 2026-2030

Andre opplysningar:

DET ER ØNSKELIG AT DET GJELDER LØYVE FOR OPPTIL 2 SKUTERE I FØLGE
DETTE PSA. SIKKERHET TIL FØRERE, ETtersom TRANSPORTSTREKNINGENE ER LANGE.

Stad... KRISTIANSD Dato... 17/12-25 Underskrift... Jenny Gudla

Søknaden skal sendast til den kommunen der transporten skal gjennomførast. Kommunen sender søknaden vidare til forvaltningssekretariatet for verneområdestyret i SVR.



Senterposisjon: 58903.64, 6548702.42
 Koordinatsystem: EPSG:25833
 Utskriftsdato: 02.11.2023

0 1 2 3 4km



Verneområdestyret
Setesdal Vesthei,
Ryfylkeheiane og
Frafjordheiane

SØKNADSSKJEMA FOR MOTORFERDSEL I VERNEOMRÅDA

Bruk dette skjemaet ved søknad om motorferdsel i verneområda. Alle punkta må fyllast ut for at vi skal få handsama søknaden. Kart som syner nøyaktig transportrute eller landingsplass skal leggest ved. Søknaden sendast kommunen.

Generelle opplysningar

Søkar DNT SØR

Adresse GYLDENLØVESGT. 2 Postnummer og stad 4611 KRISTIANSAND

Tlf. 38120750 E-post mail.dntsor@dnt.no

Gnr, bnr. og kommune ved endepunkt av transporten GAUKHEI, gbnr. 4/18

Er søkar heimelshavar på hytta/driftshusvære? ☒ ja ☐ nei. Viss nei, må skriftleg leigeavtale leggest ved.

Kva type transportmiddel skal nyttast: SNØSKUTER

Normalt kan det gjevast inntil 8 årlege turar med snøscooter. Om det er aktuelt for fleire eigarar/brukarar å søke, må tal turar delast mellom brukarane. Bruk av helikopter og snøscooter vert sett i samanheng. Ved bruk av helikopter til ordinær transport til hytte/driftshusvære vil dette redusere tal snøscooterturar med to.

Er det andre som har, eller kjem til å søke, transportløyve til same hytte? ☐ ja ☒ nei. Viss ja korleis skal tal turar fordelast?

BARE DNT SØR SOM SØKER TIL GAUKHEI SØKES OG SÅ OM LØYVE
I ANDRE KOMMUNER GJELDER KVISTING AV VINTERLØYVE OG TRANSPORT AV VAREK/
VED.

Skal ein annan person utføre transporten for deg? Skriv i så fall namn på vedkomande:

- ① JAN OVE PYTTE FJØRQUIST OG FRANK FJØRQUIST (KVISTING OG TRANSPORT TIL G.HEI + JOSEPHSBØ)
- ② BJØRGULV LANGØD (KVISTING OG TRANSPORT TIL GAUKHEI)
- ③ RICHARD TSPØLSEN NØMELAND + RAGNHILD NØMELAND (KVISTING ØYVUSBØ - GAUKHEI)

Skal løyvet også gjelde for andre personar? Før opp namn. Løyvet gjeld uansett berre for eit køyretøy

Formål og omfang

FRÅKT AV NØDVENDIGE MATERIALER, BRUNSEL, UTSTYR OG PROVANT TIL
GAUKHEI + JOSEPHSBØ. KVISTING AV LØYVE BORTFØR - GAUKHEI, LØSLAND GAUKHEI,
LØSLAND - JOSEPHSBØ, JOSEPHSBØ - KVIMEN, ØYVUSBØ - GAUKHEI, GAUKHEI - TSPØLSEN/
LANGØD.

Kva er føremålet med transporten?

Kor mange turar eller landingar vert det søkt om? VI ØNSKER AT LØYVE GJES SOM TIDLIGERE, UTEN
BEGRENSNINGER PÅ ANTALL TURER.

Kva periode vert det søkt for? 2026 - 2030

Andre opplysningar:


DET ER ØNSKERIG AT DET GJES LØYVE FOR OPPTIL 2 SKUTERE I FØLGE
DETTE PÅ SIKKERHET TIL FØRERE ETtersom TRANSPORTSTREKNINGENE ER LANGE.

Stad KRISTIANSAND Dato 12/12-25 Underskrift [Signature]

Søknaden skal sendast til den kommunen der transporten skal gjennomførast. Kommunen sender søknaden vidare til forvaltningssekretariatet for verneområdestyret i SVR.



Senterposisjon: 58117.03, 6556684.93
 Koordinatsystem: EPSG:25833
 Utskriftsdato: 02.11.2023





Verneområdestyret
Setesdal Vesthei,
Ryfylkeheiane og
Frafjordheiane

SØKNADSSKJEMA FOR MOTORFERDSEL I VERNEOMRÅDA

Bruk dette skjemaet ved søknad om motorferdsel i verneområda. Alle punkta må fyllast ut for at vi skal få handsama søknaden. Kart som syner nøyaktig transportrute eller landingsplass skal leggst ved. Søknaden sendast kommunen.

Generelle opplysningar

Søkar... DNT SØR

Adresse... GYLDENLØVESGT. 2 Postnummer og stad... 4611 KRISTANSAND

Tlf. 38 12 07 50 E-post... mail.dnt.sor@dnf.no

Gnr, bnr. og kommune ved endepunkt av transporten... BOSSBU, GBNR. 50/43 ØYVUSBU GBNR 64/150
SVARTENUT GBNR 60/68, HATHELLER GBNR. 62/114,
STAVSKAR, GBNR. 50/68, GAUKHEI GBNR 4/18 (BYGLAND)
KOMMUNE

Er søker heimelshavar på hytta/driftshusvære? ☒ ja ☐ nei. Viss nei, må skriftleg leigeavtale leggst ved.

Kva type transportmiddel skal nyttast... SNØSKUTER

Normalt kan det gjevast inntil 8 årlege turar med snøscooter. Om det er aktuelt for fleire eigarar/brukarar å søke, må tal turar delast mellom brukarane. Bruk av helikopter og snøscooter vert sett i samanheng. Ved bruk av helikopter til ordinær transport til hytte/driftshusvære vil dette redusere tal snøscooterturar med to.

Er det andre som har, eller kjem til å søke, transportløyve til same hytte? ☐ ja ☒ nei. Viss ja korleis skal tal turar fordelast?

Skal ein annan person utføre transporten for deg? Skriv i så fall namn på vedkomande:

RICHARD TJØLSEN NØMELAND OG RAGNILD NØMELAND (KVIISTING MYKLEVATN - ØYVUSBU - BOSSBU + ØYVUSBU - GAUKHEI
OLAV JAN NØMELAND (KVIISTING BERG - BOSSBU - UTSTYR OG VED BERG - STAVSKAR)
OLAV B. BERG OG MARIA BERG (VED HATHELLER OG ØYVUSBU)
VED OG UTSTYR TIL BOSSBU OG SVARTENUT. UTSTYR TIL ØYVUSBU.

Skal løyvet også gjelde for andre personar? Før opp namn. Løyvet gjeld uansett berre for eit køyretøy

Formål og omfang

FRAKT AV NØDVENDIGE UTSTYR, MATERIALER, BENSOL OG PROVIANT TIL
NEVNT HYTTER, SAMT KVIISTING FRA BERG - BOSSBU - SVARTENUT -
ØYVUSBU - GAUKHEI, SAMT KVIISTING MYKLEVATN - ØYVUSBU.

Kva er føremålet med transporten?

Kor mange turar eller landingar vert det søkt om? VI ØNSKER AT LØYVET GIS SOM TIDL. UTEEN BEGRENSNING PÅ
ANTALL TURER.


Kva periode vert det søkt for? DE NESTE 4 ÅR

Andre opplysningar:

DET ER ØNSKELIG AT DET GIS LØYVE FOR OPPTIL 2 SKOOTERE I FØLGE. DETTE
PGA SIKKERHET TIL FØRER ETTER SOM TRANSPORTSTREKNINGENE ER FØRNV. LANGE


Stad... KRISTANSAND Dato... 7/11-26 Underskrift... [Signature]

Søknaden skal sendast til den kommunen der transporten skal gjennomførast. Kommunen sender søknaden vidare til forvaltningssekretariatet for verneområdestyret i SVR.



Senterposisjon: 58997.28, 6573767.54
 Koordinatsystem: EPSG:25833
 Utskriftsdato: 02.11.2023

0 1 2 3 4km



Senterposisjon: 65303.05, 6585368.85
 Koordinatsystem: EPSG:25833
 Utskriftsdato: 05.01.2024



Arkivsaksnummer: 2026/462

Saksbehandlar: Jørn Trygve Haug

Dato: 19.01.2026

Utval	Utvalsak	Møtedato
AU i verneområdestyret for SVR	6/26	23.01.2026

Søknad om bruk av snøskuter og ATV med belte til merking av vinterløyper og transport til turisthytter. Sloaros og Holmavatnhytta. DNT sør. Bykle kommune.

Vedlegg:

- 1 Søknad motorferdsel Bykle kommune.pdf

Forvaltar si innstilling

Med heimel i kapittel 4 pkt. 5.4.c i *Forskrift om vern av Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane landskapsvernområde og Naturmangfaldslova* § 48, får DNT Sør løyve til å nytte snøskuter og ATV med belte til frakt av brensel, proviant og utstyr til Sloaros turisthytte i Bykle kommune. Løyvet gjeld også for kvisting av eksisterande vinterløype Langvatn – Sloaros – Holmavatnhytta i Bykle og Suldal kommune. Ved køyring skal ein følgje løypenettet slik det går fram av kartet i vedtaket. Løyvet gjeld for førarane Karl Jørgen Høimyr og Kim Tresland.

På strekninga Langvatn – Sloaros – Holmavatn kan kvisting av vinterløypa skje tidlegast fredag før vinterferien, dvs 13.2.2026 slik at det samsvarar med tidspunkt for maskinpreparering Hovden – Langvatn.

Løyvet gjeld for inntil to snøskuterar/ATV med belte i følgje. Det er ein føresetnad at baa køyretøy bidreg aktivt i transporten og at alle transportane vert rapportert inn.

Løyvet til kvisting og innhenting av desse gjeld til 7.4.2026 (tredje påskedag). Løyve til annan transport gjeld t.om. 24.4.2026.

Vilkår:


- Før kvisting tar til skal DNT sør kontakte forvaltningssekretariatet for SVR i høve til om det er observert villrein i nærleiken av dei aktuelle traseane og beitetilhøva gjeldande sesong. Om naudsynt skal tidspunkt for kvisting utsettast.
- Løyvet skal alltid vera med under transporten. Før kvar tur må loggskjema fyllast ut. Skjemaet skal alltid følgje løyvet.
- Om førar under transporten observerer villrein innanfor ein avstand på 400 meter frå traseen skal transporten utsettast slik at villreinen ikkje vert uroa
- Løyvet gjeld for det tal turar som er strengt naudsynt for å kviste løypene og forsyne hyttene. Innan 1. juli kvart år skal DNT sør sende inn ein samla oversikt over tal turar som er gjennomført.

Med heimel i *Forskrift om vern av Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane Landskapsvernområde* kap. 4 pkt. 5.1 bokstav a, og *Naturmangfaldslova* § 48, vert det gjeven avslag på søknad om snøskuterløyve for fire år, dvs at løyvet berre gjeld for 2026.

Som grunngeving for avgrensing av løyvet til eit år legg arbeidsutvalet vekt på at det må samordnast med tidspunktet for maskinpreparering på strekninga Hovden – Langvatn der løyvet gjeld ut sesongen 2026. Frå og med sesongen 2027 vil arbeidsutvalet signalisere at det på strekninga Sloaros – Holmavatn tidlegast bør kvistast 10 dagar før fredag før palmesundag. Det same bør vurderast på strekninga Krossloskardet – Sloaros.

I tiltaksplanen (tiltaksplan 2) er det lagt opp til eit større arbeid med å redusere den samla påverknaden frå motorferdsel i villreinområda. Vernemyndigheitane mfl. er gjeven eit ansvar i gjennomføringa. I ljøs av dette bør det for dei større aktørane med mykje motorisert ferdsel settast i gong eit arbeid med å konkretisere og iverksette dei nemnde tiltaka. Av den grunn bør løyvet for turistforeiningane i denne omgang avgrensast til to år. I løpet av denne perioden er det ei klar forventning om at alle dei større aktørane har ei kritisk gjennomgang av eigen verksemd med siktemål å redusere motorferdsla. I tillegg sjå på korleis naudsynt motorferdsel kan gjennomførast med mindre forstyrring av villreinen. Ramma for eit slikt arbeid bør leggjast fram som ei eigen sak for verneområdestyret.

Kart med godkjend køyrerute merka med raud stipla line:



Annet lovverk

For søkt motorferdsel vil det i mange høve også vera naudsynt med løyve etter *Lov om motorferdsel i utmark*. Søknad om dette må sendast kommunen.

Etter § 10 i *Lov om motorferdsel i utmark* kan grunneigar nekte motorferdsel på sin eigedom. Vi oppmodar difor om at du hentar inn samtykke frå aktuelle grunneigarar der dette skulle være naudsynt.

--- slutt på innstilling ---

Saksopplysninger

DNT Sør har søkt om bruk av snøskuter og ATV med belte til frakt av materialar, brensel utstyr og proviant til Sloaros turisthytte i Bykle kommune. Utgangspunktet for transporten er Hovden. Søknaden gjeld også for bruk av snøskuter eller ATV med belte til kvisting av vinterløypa Langvatn – Sloaros – Holmavatnhytta. Det er søkt om løyve for fire år og utan avgrensing i tal turar. I tillegg bruk av inntil to køyretøy i følgje av praktiske og tryggleiksmessige omsyn. Køy reruta går fram av kartet i vedtaket. For varetransporten er det søkt om alternativ rute over Mjåvatn. Transport og kvisting skal gjerast av Karl Jørgen Høimyr og Kim Tresland på oppdrag for DNT Sør.

Strekninga Hovden – Langvatn vert tillate maskinpreparert og vert kvista av Hovden Hytteservice i samband med dette. Løyvet gjeld ut sesongen 2026.

DNT Sør sitt førre løyve gjaldt for åra 2024 og 2025, og med tidlegast kvistetidspunkt frå fredag før vinterferien veke 8 (tilsvarande dato for maskinpreparering Hovden – Langvatn). Det vart avgrensa til to år med grunngjeving mogleg endring i løyperegimet etter dette som del av arbeidet med kvalitetsnorm og tiltaksplanar for villrein. Løyvet vart handsama delegert.

Formell bakgrunn for vurdering og vedtak

- Forskrift om vern av Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde av 28.04.2000
- Forskrift om vern av Holmavassåna biotopvernområde av 26.9.1997
- Forskrift om vern av Vidmyr naturreservat av 5.9.1986
- Naturmangfoldloven
- Forvaltningsplan for verneområda i Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane frå 2015.

Heimelsgrunnlag

Køy reruta råkar tre ulike verneområde.

Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane landskapsvernområde vart verna ved Kronprinsregentens resolusjon av 28. april 2000. Føremålet med vernet er etter kapittel III i Føreskrift om vern av Setesdal Vesthei- Ryfylkeheiane landskapsvernområde:

1. Å ta vare på eit samanhengande, særmerkt og vakkert naturområde med urørte fjell, hei og fjellskogsområde med eit særmerkt plante- og dyreliv, stølsområde, beitelandskap og kulturminne.
2. Å ta vare på eit samanhengande fjellområde som leveområde for den sørlegaste villreinstamma i Europa.

Motorisert ferdsel i Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane landskapsvernområde vert regulert av verneforskrifta kapittel 4 kapittel 5.1.a kor det heiter at motorisert ferdsel på land er forbode. Etter kapittel 4 pkt. 5.4.c kan det gjevast løyve til naudsynt luft og snøskutertransport for transport av materialar, brensel, utstyr og proviant til hytter og buer.

For merking/stikking av vinterløyper er det inga særskild dispensasjonsheimel. Denne delen av søknaden må difor handsamast som ein dispensasjon etter § 48 i naturmangfaldslova. Etter denne bestemminga kan det gjerast unntak frå vernebestemminga om det ikkje strir mot verneføremålet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig. Bruk av ATV med belte må også handsamast etter denne paragrafen.

Deler av køyrestrekningane ligg i del av verneområde med ferdselsrestriksjonar. Dette gjeld kalvingsone Storenos og trekkzone Breidvatn som har ferdselsforbod i perioden 25.4 – 31.5.

Vidmyr naturreservat har som føremål å *ta vare på eit stort, representativt myrområde med godt utvikla bakke- og strengmyrer som har ein rik flora med eit stort innslag av arter som er plantegeografisk interessante*. Det er inga særskild dispensasjonsheimel for motorferdsel. Denne delen av søknaden må difor handsamast etter naturmangfaldslova § 48. Etter denne bestemminga kan det gjerast unntak frå vernebestemminga om det ikkje strir mot verneføremålet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig.

Holmavassåno biotopvernområde har som føremål å sikre viktige trekkvegar for villrein mellom Kvanndalen lvo og Dyraheio lvo. Jfr. Verneforskrifta kap. 4 pkt. 3 er motorisert ferdsel i utmark forbode. Etter kap. 6 pkt. 4 kan det gjevast løyve til motorisert ferdsel om det ikkje strir mot verneføremålet.

Vurdering

Vurdering etter naturmangfaldlova §§ 8 - 12


Etter § 7 i Naturmangfaldlova skal dei miljørettslege prinsippa i §§ 8 til 12 leggst til grunn som retningslinjer ved utøving av offentlig myndigheit. Forvaltingsmyndigheita må ved alle tiltak som vedkjem naturmangfaldet, vurdere søknadane etter desse paragrafane.

Kunnskapsgrunnlaget (NML § 8)

Kunnskapen om naturmangfaldet er henta frå lokalkunnskap, Miljødirektoratet sin naturbase (www.naturbase.no), database for sensitive artsdata samt frå NINA sitt GPS-merkeprosjekt. I tillegg kartfortelling delnorm 3 ([Delnormtresetesdalryfylke | Villrein](#)) som vart nytta i klassifiseringa etter kvalitetsnorma.

Jamfør naturbase ligg hytte og løypenettet i viktige vinterbeiteområde for villrein. Ved Storenos og Breidvatn går transportruta i område med ferdselsforbod i perioden 25.4 – 31.5 grunna kalvingsområde og trekkzone for villrein. Mellom Sloaros og Holmavatnhytta går ei liten del av løypa i Holmavassåno biotopvernområde med trekkveg mellom Kvanndalen og Dyraheio. Sjølv Holmavatnhytta ligg utanfor verneområdet. Varetransport til denne skjer frå Suldal (Sandvatn) og er såleis ikkje ein del av denne saka. Traseen frå Haukeliseter til Holmavatnhytta er utanfor verneområda og vert normalt kvista til vinterferien.

Kartet nedanfor er hente fra kartfortelling delnorm 3 som vart nytta i samband med klassifiseringa etter kvalitetsnorma ([Delnormtresetesdalryfylke | Villrein](#)). For området *Storenos* er villreinens arealutnytting vinterstid vurdert å vera redusert med mellom 50 – 90 %. Området *Hovden – Sloaros* er merka av som funksjonell trekkpassasje med redusert bruk på mellom 50 – 90 %, og over 90 % redusert bruk av trekkpassasjen *Lundane – Lislefjodd* mellom aust- og vestheia. Den reduserte bruken skuldast for ein stor del forstyrring frå ferdsel. For *Lundane – Lislefjodd* er det ein kombinasjon med ferdsel, infrastruktur og vegtrafikk. Redusert bruk av trekkpassasje Holmavatn – Sandvatn er knytt til vinterope elv.



Køyreruta over Mjåvatn ligg i nærleiken av lokalitet for raudlista fugl. Avstand til køyretrase og høgdeforskjellen tilseier likevel at transporten ikkje utgjer ei vesentleg forstyrning.

Når det gjeld andre artar er det ikkje registrert informasjon om prioriterte artar, truga eller nær truga artar jfr. «Norsk rødliste». Det er heller ikkje registrert informasjon om utvalde naturtypar, truga eller nær truga naturtypar i aktuelle området.

Ut frå omtalen ovanfor vurderer ein kunnskapsgrunnlaget å vera tilstrekkeleg til å fatte vedtak i saka. «Føre var prinsippet» i NML § 9 vert likevel tillagt vekt i dei vidare vurderingane.

Økosystemtilnærming og samla belastning (§ 10 i NML).

Kring Hovden er det mykje utfart frå hytteområda. Mykje er kanalisert i etablert løypenett, men data frå Strava Heatmap syner også ein god del ferdsel utanfor etablert løypenett. Sloarosløypa vert maskinpreparert i vinterferien og påske. Tal frå ferdselsregistreringane i Sloarosløypa frå 2025 synte eit gjennomsnitt på 43 passeringar pr. dag. Gjennomsnitt tal gjestedøgn (vinter) på Sloaros turisthytte var 200 for åra 2022 – 2024.

Maskinprepareringa utgjer ein vesentleg del av motorferdsla i området, i tillegg stikking og transport til Sloaros turisthytte. Tal turar i samband med transport og kvisting var 7 i 2025. I 2024 vart det gjennomført 30 turar men om lag halvparten var med to snøskuterar i følgje slik at dette tel som to turar.

Anna motorisert ferdsel er knytt til transport til 7- 8 driftshytter, samt kraftselskapet sin drift og tilsyn av kraftanlegga. Traseen ligg og i nærleiken av dei regulerte magasinane Holmavatn og Skyvatn.

Transporten har eit avgrensa omfang og ulempa er i første rekke knytt til støy av forbigåande karakter. Det er likevel viktig at ein ikkje berre ser på den aktuelle transporten isolert sett, men har eit langsiktig og heilskapleg perspektiv på ferdsla i områda.

Kostnadane ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar og Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar (NML §§ 11 – 12)

Førar er ansvarleg for at transporten vert gjennomført på ei miljømessig god måte. Det er sett ein del vilkår i løyvet slik at belastninga på miljøet skal bli så liten som mogleg.

Som tidlegare er det søkt om ope løyve utan avgrensing i tal turar. Ein føresetnad for dette vil vera at det kvart år må sendast inn logg slik at ein har oversikt over den totale transportmengda.

Vurdering etter naturmangfaldslova § 48

Kvisting av traseane, samt bruk av ATV med belte må handsamast etter denne paragrafen. For å kunne gi løyve er det ein føresetnad at tiltaket ikkje strir mot verneføremålet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig.

Verneføremålet i Vidmyr er knytt til ivaretaking av vegetasjon, myr og plantesamfunn. Avgrensa motorferdsel på snødekt mark vil ikkje påverke verneverdiane nemneverdig eller stri mot verneføremålet. Traseen følgjer også preparert skiløype i dette området.

Bruk av ATV med belte vil i praksis ha same miljøpåverknad som bruk av snøscooter og vil såleis ikkje påverke verneverdiane nemneverdig eller stri mot verneføremålet.

Det er ein lang tradisjon for vintermerking av dei aktuelle løypene. Motorferdsla i samband med kvisting er isolert sett av avgrensa omfang og på nivå med det som har vore tidlegare år. Kvisting av løypene inneber som oftast 1 – 2 turar pr. delstrekning.

Gjennom vinteren går villreinen på sparebluss og der forstyrning påverkar dyra negativt ved at dei får mindre beitetid og må nytte ekstra energi på flukt. Dette kan vera særleg kritisk på vårparten for simler som berar kalv.

Gjeven den vanskelege situasjonen for villreinen i Setesdal Ryfylke, ref. klassifiseringa i samband med kvalitetsnorma, meiner forvaltar det bør vurderast å utsette tidspunkt for kvisting i viktige vinterbeiteområde. I nokre område bør kan kanskje ikkje vintermerkast i det heile tatt. Ved å «opne» fjellet seinare vil ein forlenge perioden med mindre forstyrning frå brukarane av løypenettet. Dei merka løypene kan ha ein kanalisierende effekt på ferdsla, men dette kan ikkje vera avgjerande så lange det skjer i «feil» område, dvs vinterbeite. I nokon grad vil traseane og turisthyttene bli nytta før løypene er kvista, men utan slik tilrettelegging kan ein likevel forvente ein redusert bruk.

Lik saka som gjaldt DNT Sør sitt løypenett frå Valle og sørover, handsama i same møte, meiner forvaltar at kvisting til Sloaros og Holmavatnhytta bør avgrensast til påske. På strekninga Hovden (Krossloskardet) – Sloaros bør tidspunkt for kvisting uansett følgje tidspunkt for maskinpreparering Hovden – Langvatn der løyvet gjeld ut sesongen 2026. For samordning av desse to løyva bør DNT sør sitt løyve i denne omgang avgrensast til eit år, dvs ut sesongen 2026.

I tiltaksplanen (tiltaksplan 2) er det lagt opp til eit større arbeid med å redusere den samla påverknaden frå motorferdsel i villreinområda. Vernemyndigheitane mfl. er gjeven eit ansvar i gjennomføringa. I ljus av dette bør det for dei større aktørane med mykje motorisert ferdsel settast i gong eit arbeid med å konkretisere og iverksette dei nemnde tiltaka. Av den grunn bør løyvet for turistforeiningane i denne omgang avgrensast til to år. I løpet av denne perioden er det ei klar forventning om at alle dei større aktørane har ei kritisk gjennomgang av eigen verksemd med siktemål å redusere motorferdsla. I tillegg sjå på korleis naudsynt motorferdsel kan gjennomførast med mindre forstyrring av villreinen. Ramma for eit slikt arbeid bør leggjast fram som ei eigen sak for verneområdestyret

Konklusjon

Søknaden vert delvis innvilga. Frå 2027 vert merking av vinterløypa Sloaros – Holmavatnhytta avgrensa til tidlegast 10 dagar før fredag før palmesundag.



Verneområdestyret
Setesdal Vesthei,
Ryfylkeheiane og
Frafjordheiane

SØKNADSSKJEMA FOR MOTORFERDSEL I VERNEOMRÅDA

Bruk dette skjemaet ved søknad om motorferdsel i verneområda. Alle punkta må fyllast ut for at vi skal få handsama søknaden. Kart som syner nøyaktig transportrute eller landingsplass skal leggest ved. Søknaden sendast kommunen.

Generelle opplysningar

Søkar.. DNT SØR

Adresse.. GULDENLOVESGT. 2 Postnummer og stad 4611 KRISTIANSTAD

Tlf. 3812 0750 E-post.. mail.dntsr@dnt.no

Gnr, bnr. og kommune ved endepunkt av transporten.. SLOAROS GBNR. 1/4

Er søker heimelshavar på hytta/driftshusvære? ☒ ja ☐ nei. Viss nei, må skriftleg leigeavtale leggest ved.

Kva type transportmiddel skal nyttast:.. SNØSKUTER + ATV M. BELTE

Normalt kan det gjevast inntil 8 årlege turar med snøscooter. Om det er aktuelt for fleire eigarar/brukarar å søke, må tal turar delast mellom brukarane. Bruk av helikopter og snøscooter vert sett i samanheng. Ved bruk av helikopter til ordinær transport til hytte/driftshusvære vil dette redusere tal snøscooterturar med to.

Er det andre som har, eller kjem til å søke, transportløyve til same hytte? ☐ ja ☒ nei. Viss ja korleis skal tal turar fordelast?

.....
Skal ein annan person utføre transporten for deg? Skriv i så fall namn på vedkomande:

KARL JØRGEN HOLMYR OG KIM TRESLAND

Skal løyvet også gjelde for andre personar? Før opp namn. Løyvet gjeld uansett berre for eit køyretøy

Formål og omfang

FRAKT AV NØDVENDIGE MATERIALER, BRENSSEL, UTSTYR, PROVIAN
TIL SLOAROS, SAMT KUISTING AV LØYPE SLOAROS - HOLMAVATN -
HYTTA

Kva er føremålet med transporten?.. OG LANGEVATN - SLOAROS

Kor mange turar eller landingar vert det søkt om? VI ØNSKER AT LØYVET GJELDER SOM TIDLIGERE, UTEN
BEGRENSNINGER PÅ ANTALL TURER.

Kva periode vert det søkt for?.. DE NESTE 4 ÅR

Andre opplysningar:

DET ER ØNSKELIG AT DET GJELDER LØYVE FOR OPPIL 2 SKUTERE I FØLGE.
DETTE PÅ GRUNN AV SIKKERHET TIL FØRERE ETtersom TRANSPORTSTREKNINGENE ER LANGE

Stad.. KRISTIANSTAD Dato.. 19/12-25 Underskrift.. [Signature]

Søknaden skal sendast til den kommunen der transporten skal gjennomførast. Kommunen sender søknaden vidare til forvaltningssekretariatet for verneområdestyret i SVR.



Senterposisjon: 65204.8, 6637013.61
 Koordinatsystem: EPSG:25833
 Utskriftsdato: 02.11.2023

0 1 2 3 4km



Arkivsaksnummer: 2026/1007

Saksbehandlar: Alf Odden

Dato: 19.01.2026

Utval	Utvalsak	Møtedato
AU i verneområdestyret for SVR	7/26	23.01.2026

Søknad om varetransport og kvisting til turisthytter i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde, Bykle, Valle, Sandnes og Sirdal kommuner - Stavanger turistforening

Vedlegg:

1 STF - Søknad 2006-2028

Forvaltar si innstilling

I medhald av kapittel IV pkt. 5.4.c i *Forskrift om vern av Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde* får Stavanger turistforening løyve til å nytte snøskuter til transport av utstyr, proviant og ved til turisthyttene Vassdalstjørn, Hovatn, Storsteinen, Litle Aurådal, Kringlevatn, Storevatn, Taumevatn, Grautheller og Børsteinen.

Løyve gjeld og kvisting til og mellom turisthyttene med unntak for Børsteinen kor det ikkje blir kvista. Løyve til kvisting er fatta etter §48 i naturmangfaldslova.

Løyve gjeld for inntil 68 transportar, fordelt på løypestrekningane i tabellen under. Løyve gjeld i to år for tidsrommet 2026-2027. Løyve gjeld fram til og med 30.04 kvart år, med unntak for løypestrekningar som går i område med ferdselsrestriksjonar om våren. For strekninga Lysevegen-Børsteinen og løypestrekningane ut frå Storsteinen gjeld løyve fram til 15.04 kvart år. For løypestrekningane ut frå Kringlevatn gjeld løyve fram til 25.04 kvart år.

Transportane og kvistinga skal følgje vanleg køyrerute inn til turisthyttene slik det er vist på kart for vinterløyper på ut.no. Til Børsteinen skal det følgjast køyrerute som vist på kartet i vedtaket.

Arbeidet med kvisting kan tidlegast ta til 10 dagar før fredagen i førekant av påskeferieveka. Denne dagen fell på 17. mars i 2026 og 9. mars i 2027.

For løypestrekningane Holmavatn-Taumevatn, Taumevatn-Storevatn og Taumevatn-Grautheller (Duge), kan det for vinteren 2026 kvistast til vinterferien. Arbeidet med denne kvistinga kan tidlegast ta til 10 dagar før fredagen i førekant av første vinterferieveka, nærare bestemt 3. februar 2026.

For vinteren 2027 avslås søknaden om å få kviste desse tre desse løypestrekningane til vinterferien. I 2027 skal også arbeidet med kvisting av først kunne ta til 10 dagar før fredagen i førekant av påskeferieveka. Vedtaket er fatta etter §48 i naturmangfaldslova.

For løypestrekninga frå duge til turisthytta Grautheller kan det for løyveperiodene 2026-2027 framleis kvistast til vinterferien. Arbeidet med denne kvistinga kan tidlegast ta til 10 dagar før fredagen i førekant av første vinterferieveka. Denne dagen fell på 3. februar i 2026 og 9. februar i 2027.

Løypestrekning	Tal på transportar	Km i verneområde
Duge-Grautheller	10 transportar (9 varetransportar og 1 kvisting)	1
Holmavatn-Taumevatn	10 transportar (9 varetransportar og 1 kvisting)	3
Taumevatn-Grautheller	2 transport (kvisting)	7
Taumevatn-Storevatn	10 transportar (8 varetransportar og 2 kvisting)	7
Storevatn-Kringlevatn	7 transportar (5 varetransportar og 2 kvisting)	10
Kringlevatn-Storsteinen	1 transport (kvisting)	13
Grautheller-Litle Aurådal	6 transportar (5 varetransport og 1 kvisting)	3
Litle Aurådal - Storsteinen	8 transportar (6 varetransportar og 2 kvisting)	6
Storsteinen - Hovatn	3 transportar (2 varetransportar og 1 kvisting)	17
Hovatn – Vassdalstjørn	2 transportar (1 varetransport og 1 kvisting)	6
Beinlei – Hovatn	3 transportar (vedtransport)	4
Ådneram – Børsteinen	6 transportar (6 varetransportar)	4

Løyve gjeld for følgjande leigekøyrarar: Kolbein Kjetilstad, Kjell Ove Nærheim, Trond Laugaland, Arne Tjørhom med medhjelparane: Johan Fjelså, Jon Haugen og Geir Terje Sirikrok.

Løyve gjeld for følgjande personell i Stavanger turistforening: Per Henriksen, Erik Gram Kverneland, Stian Haga, Brita Gundersen, Ola Ravnaas, Olaf Arne Frøyland og Åge Åmdal.

Løyve gjeld og for Kjell Ove Nærheim og Roger Alvær om det blir nødvendig med vedlikehald og reperasjonar av nødsambandet på hyttene.

Ved særskilte behov kan og medlem av dugnadsgruppa i STF delta på transportane.

Løyve blir gjeve med desse vilkåra:

- Køyrerutene til turisthyttene Kringlevatn, Litle Aurådal og Storsteinen skal følgje isen på Svartevassmagasinet, om anna ikkje er avklara med forvaltningssekretariatet
- Før kvisting tar til skal STF kontakte forvaltningssekretariatet for SVR i høve til om det er observert villrein i nærleiken av dei aktuelle traseane og beitetilhøva gjeldande sesong. Om naudsynt skal tidspunkt for kvisting utsettast.
- Løyvet skal alltid vera med under transporten. Før kvar tur må loggskjema fyllast ut. Skjemaet skal alltid følgje løyvet.
- Om førar under transporten observerer villrein innanfor ein avstand på 400 meter frå traseen skal transporten utsettast slik at villreinen ikkje vert uroa
- Talet på gjennomførte transportar skal rapporterast til SVR innan 1. juni kvart år

Som grunngeving legg arbeidsutvalet vekt på at kvisting til påske gjer det mogleg for STF å oppretthalde eit tilbod vinterstid. Motorferdsla knyt til varetransport og ferdsle i dei kvista løypene skjer etter ein nord-sør akse gjennom store delar av verneområde. Forstyrringa dette medfører er uheldig for villreinsimlene som trekker austover mot kalvingsområda i april. Etter verneområdeforvaltar si vurdering er det vanskeleg å redusere motorferdsla vesentleg utan ei omlegging av drifta av STF sitt hytte- og løypenett.

Utsett kvistetidspunkt frå vinterferie til påskeferie for løypestrekningane Holmavatn-Taumevatn, Taumevatn-Storevatn og Taumevatn-Grautheller etter vinteren 2026, er grunngeve med at ferdsla etter løypenettet skapar forstyrring i dei mykje bruka vinterbeiteområda rundt Storevatn og truleg hindrar villreinen i å bruke beiteområda i Gofardalen og på Holmavasshei. Det blir og lagt vekt på at kvistetidspunktet for STF sitt løypenett nord for Storevatn allereie ligg til påskeferien. For at STF og brukarane av løypenettet skal ha noko tid til å tilpasse seg endringane kan kvistinga for 2026 gjennomførast som tidlegare år.

I tiltaksplanen (tiltakspakke 2) er det lagt opp til eit større arbeid med å redusere den samla påverknaden frå motorferdsel i villreinområda. Vernemyndigheita mfl. er gjeven eit ansvar i gjennomføringa. I lys av dette bør det for dei større aktørane med mykje motorisert ferdsel settast i gong eit arbeid med å konkretisere og iverksette dei nemnde tiltaka. Av den grunn bør løyvet for turistforeiningane i denne omgang avgrensast til to år. I løpet av denne perioden er det ei klar forventning om at alle dei større aktørane har ei kritisk gjennomgang av eigen verksemd med siktemål å redusere motorferdsla. I tillegg må det sjåast nærare på korleis nødvendig motorferdsel kan gjennomførast med mindre forstyrring av villreinen. Ramma for eit slikt arbeid bør leggjast fram som ei eigen sak for verneområdestyret.

Verneområdestyret har ikkje heimel til å gje løyve til følgjeskuter, men fleire skuterar kan køyre saman dersom alle bidreg i transporten og alle transportane blir rapportert.

For bruk av snøskuter vil det i mange høve også vera naudsynt med løyve etter *Lov om motorferdsel i utmark*. Søknad om dette må sendast kommunen.

Etter § 10 i *Lov om motorferdsel i utmark* kan grunneigar nekte motorferdsel på sin eigedom. Om du skal lande på andre sin eigedom oppmodar vi difor om at du hentar inn samtykke frå aktuelle grunneigarar.

Kart over køyrerute fram til Børsteinen



--- slutt på innstilling ---

Saksopplysninger

Bakgrunn for søknaden

Viser til søknad frå Stavanger turistforening datert 09.01.2026, og vedtak for tilsvarande søknad i delegert vedtak 24/24.

Stavanger turistforening søker om løyve til bruk av snøskuter i samband med transport av proviant, utstyr og ved til 9 turisthytter i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde, samt til kvisting av rutene mellom desse hyttene. Søknaden omfattar til saman om lag 70 transportar inkludert tilsyn med naudsambandet på hyttene og uttransport av søppel og tomgods. Dei fleste transportane vil bli utført av lokale leigekøyrarar. Køy rerutene det er søkt om følger vintertraseane som vist på ut.no. Unnataket er køyreruta inn til Børsteinen som ikkje er kvista. Det søkast om så mange transportar som nødvendig kvart år fram til 2028.

Stavanger turistforening søker samla sett om varetransport og kvisting til 17 turisthytter i og rett ved verneområda i SVR. Det totale talet på snøskutertransporter i søknaden ligg på om lag 146.

Søknaden gjeld fornying av løyvet som gjaldt ut sesongen 2025. Varigheita av dette vart avgrensa til to år grunna moglege endringar som følgje av arbeidet med tiltaksplanen for villreinområdet. Førre løyve vart handsama som delegert sak. Då saka denne gongen legg opp til ei innskjerping av tidlegare praksis blir saka lagt fram til handsaming i arbeidsutvalet.

Formell bakgrunn for vurdering og vedtak

- Forskrift om vern av Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde av 28.04.2000
- Forvaltningsplan for verneområda i Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane, godkjent 2015
- Naturmangfaldlova
- Vedtak i verneområdestyret 5.11.2018, sak 32/18, om delegering av saker til forvaltningssekretariatet

Heimelsgrunnlag

Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane landskapsvernområde vart verna ved Kronprinsregentens resolusjon av 28. april 2000. Føremålet med vernet er etter kapittel III i Føreskrift om vern av Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde:

1. Å ta vare på eit samanhengande, særmerkt og vakkert naturområde med urørte fjell, hei og fjellskogsområde med eit særmerkt plante- og dyreliv, stølsområde, beitelandskap og kulturminne.
2. Å ta vare på eit samanhengande fjellområde som leveområde for den sørlegaste villreinstamma i Europa.

Motorisert ferdsel i Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane landskapsvernområde blir regulert av verneforskrifta kapittel IV kapittel 5.1.a kor det heiter at motorisert ferdsel på land er forbode. Etter kapittel IV pkt. 5.4.c kan det gjevast løyve til naudsynt luft og snøscootertransport for transport av materialar, brensel, utstyr og proviant til hytter og buer.

For merking/stikking av vinterløyper er det inga særskild dispensasjonsheimel. Denne delen av søknaden må difor handsamast som ein dispensasjon etter § 48 i naturmangfaldslova. Etter denne bestemminga kan det gjerast unntak frå vernebestemminga om det ikkje strir mot verneføremålet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig.

Motorferdslova er søkt om kjem etter vårt syn inn under kapittel IV kapittel 5.1.a og krev derfor dispensasjon etter kapittel IV pkt. 5.4.c og § 48 i naturmangfaldslova for å kunne gjennomførast.

Nokre av vinterløypene og turisthyttene ligg i del av verneområdet der det er ferdselsrestriksjonar delar av året. Konkret gjeld det:

- Trekksonene *Steinbuskardet i Bykle kommune og Andersvatnet-Børsteinvatnet* i Sirdal kommune med ferdselsforbod f.o.m.15.4 t.o.m 20.5
- Kalvingssona *Ratevassnuten* i Bykle kommune med ferdselsforbod f.o.m 25.4 t.o.m 31.5

Vurdering

Naturmangfaldslova


Etter § 7 i Naturmangfaldslova skal dei miljørettslege prinsippa i §8 til 12 leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg myndigheit. Forvaltingsmyndigheita må ved alle tiltak som vedkjem naturmangfaldet, vurdere søknadane etter desse paragrafane.

Innverknad på verneverdiar og verneføremål

Store deler av dei aktuelle køyrerutene går i eit ope høgfjellandskap om lag 900-1100 moh. I sør går og delar av køyrerutene nede i fjellbjørkeskogen om lag 700 m.o.h.

Desse delane av områda i SVR blir brukt av villreinen store delar av året, og både bukkar og simler brukar store område ved køyreruta til vinterbeite. Dette blir stadfesta av resultatane frå NINA sitt GPS-merkeprosjekt (NINA rapport 694/2011). Her er det dokumentert at alle ni simlene som har nytta sørområdet har vore i nærleiken av køyreruta den tida dei hadde sendar (2006-2010). Nyare GPS-plott frå dyreposisjoner.no (2011-2025) viser at områda ved store delar av køyreruta blir mykje bruka til vinterbeite. Viktig kunnskap er og henta frå kartfortelling delnorm 3 ([Delnormtresetesdalfylke | Villrein](#)) som vart nytta i klassifiseringa etter kvalitetsnorma.

I Norsk raudliste for artar for 2021 vart villrein oppført som nær truga (NT).



Kart frå www.dyreposisjoner.no som viser villreinens arealbruk i områda ved Taumevatn og Storevatn i februar og mars for åra 2006-2026.

Kunnskap om naturmangfaldet i området baserer seg og på Miljødirektoratet sin naturdatabase med innsyn til sensitiv informasjon (www.naturbase.no), tilsvarende informasjon i Temakart Rogaland, samt viltkart for Sirdal kommune.

På viltkartet for Sirdal kommune er det registrert informasjonen om trua eller nær trua arter på Norsk raudliste for arter 2021 og andre verdifulle arter i det aktuelle område. Det er registrert to hekkelokalitetar for kongeørn relativt nær køyreruta, men avstanden ser ut til å være stor nok til at lokalitetane framleis er i bruk. Forvaltningssekretariatet har ikkje informasjon om utvalde naturtypar, trua eller nær trua naturtypar på Norsk raudliste for naturtypar 2025 eller andre verdifulle naturtypar som kan ta skade av motorferdsla det er søkt om.

Kunnskap om kulturminne i området baserer seg på Riksantikvaren sin kulturminnebase Askeladden. Her er det ikkje registrert kulturminne som kan ta skade av motorferdsla det er søkt om.

Kunnskapsgrunnlaget (§8) som ligg føre for å vurdere dei omsøkte tiltaka si innverknad på verneverdiar og verneføremål, må derfor vurderast som tilstrekkeleg til at forvaltningsstyresmakta kan fatte vedtak i saka. §9 om "Føre var prinsippet" vil derfor bli tillagt mindre vekt i dei følgjande vurderingane.

§10 tek føre seg den samla belastninga av økosystemet i området.

I den sørlege delen av køyreruta er det eit fåtal private hytter, fleire Statsskoghytter og dei tre turisthyttene Grautheller, Taumevatn og Storevatn. Vinteren 2024 hadde desse 205, 491 og 335 overnattingar og medfører dermed ein relativt omfattande ferdsel frå skituristar på dei aktuelle løypestrekningane. Hyttene til Statskog har lite bruk om vinteren. Motorferdsla i området er og relativt omfattande. Sira-Kvina kraftselskap har snøskutertransportar inn Flatstøldalen til Duge

nærast dagleg og det er mykje ferdsel på ski frå hyttefeltet i Ådneram. Statskog og STF har transportar inn til sine hytter og to av redningsgruppene som er stasjonert i Sirdal har kjentmannsturar i område. Det er og gitt dispensasjon til snøskutertransport til tre private hytter i dette område. Det er og fleire tekniske installasjonar og omfattande inngrep i samband med Sira-Kvina reguleringa. Etter forvaltar si vurdering er den samla belastninga på naturverdiane i den sørlege delen av køyreruta relativt høg.

I den nordlege delen av køyreruta er det fleire Statsskoghytter og dei fem turisthyttene Litle Aurådal, Kringlevatn, Storsteinen, Hovatn og Vassdalstjørn. Alle desse turisthyttene har under 100 overnattingar i vintersesongen og medfører dermed ein avgrensa ferdsel frå skituristar på dei aktuelle løypestrekningane. Motorferdsla i området er og relativt avgrensa. Sira-Kvina kraftselskap, Statkraft og Statnett har eit fåtal snøskutertransportar i område i samband med tilsyn av kraftverksinstallasjonane. Statskog og STF har transportar inn til sine hytter og to av redningsgruppene som er stasjonert i Sirdal har eit fåtal kjentmannsturar i område. Det er mange tekniske installasjonar og omfattande inngrep i samband med Sira-Kvina og Ulla-Førre reguleringane. Etter forvaltar si vurdering kan den samla belastninga på naturverdiane i den nordlege delen av køyreruta karakteriserast som moderat.

Børsteinen hadde 58 overnattingar vinteren 2024. Det er i tillegg ein god del dagsutfart på ski etter Lysevegen.

Den samla ferdsla etter køyreruta blir vurdert til å være av eit slik omfang at den til tider medfører systematiske forstyrringar av villreinen. Dette gjeld særleg for den sørlege delen av køyreruta. Etter forvaltingsstyresmakta si vurdering, vil den motorferdsla det er søkt om utgjere ein viss del av den samla belastning på økosystemet i område. Det er og svært positivt at STF nå legg opp til at transporten av ved til Hovatn, skal skje frå det nye vedlageret ved Beinlei. Dette vil medføre redusert motorferdsel i dei særleg sårbare trekkpassasjane i Steinbuskardområdet samanlikna med tidlegare. Motorferdsla det er søkt om følgjer faste køyreruter, og transportane gjennomførast i eit avgrensa tidsrom i februar i dei sørlege delane og i mars for dei nordlege delane.

I arbeidet med tiltaksplanar for villreinfillet etter kvalitetsnorma har det vore drøfta om det av omsyn til villrein bør bli mindre motorferdsel og gjerast endringar i løypenettet, tidspunkt for vintermerking og plassering av enkelte turisthytter. Utsett kvistetidspunkt til Taumevatn og Storevatn må sjåast i lys av desse signala.

På bakgrunn av den planlagde flyttinga av Storsteinen, vil det bli satt i gang ein prosess med STF om omlegging av vinterløypene i områda ved Svartevassmagasinet og Blåsjø etter at Storsteinen blir flytta. Om desse endringane kjem på plass i løpet av løyveperioden vil løyvet bli justert for å passe med det nye løypenettet etter omlegginga.

Vurdering etter naturmangfaldslova § 48

Kvisting av traseane må handsamast etter denne paragrafen. For å kunne gi løyve er det ein føresetnad at tiltaket ikkje strir mot verneføremålet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig.

Det er ein lang tradisjon for vintermerking av dei aktuelle løypene. Motorferdsla i samband med kvisting er isolert sett av avgrensa omfang og på nivå med det som har vore tidlegare år. Kvisting av løypene inneber som oftast 1 – 2 turar pr. delstrekning, og ofte med bruk av to snøskuterar i følge.

Gjennom vinteren går villreinen på sparebluss og der forstyrring påverkar dyra negativt ved at dei får mindre beitetid og må nytte ekstra energi på flukt. Dette kan vera særleg kritisk på vårparten for simler som berar kalv. Perioden november – til midten av februar er normalt ei roleg tid i fjellet med lite aktivitet av folk. Etter kvart som dagane vert lysare og snøføret vert meir stabilt aukar også den menneskelege aktiviteten. Fram til no har STF hatt løyve til å kviste sine trasear i sør tidlegast ti dagar før vinterferien veke 8, og løypene nord for Storevatn frå 10 dagar før påskeferien.

Gitt den vanskelege situasjonen for villreinen i Setesdal Ryfylke, ref. klassifiseringa i samband med kvalitetsnorma, meiner forvaltar det bør vurderast å utsette tidspunkt for kvisting i nokre fleire løypestrekningar. Ved å «opne» fjellet seinare vil ein forlenge perioden med mindre forstyrring frå brukarane av løypenettet. Dei merka løypene kan ha ein kanalisierende effekt på ferdsla, men dette er til lita hjelp om ferdsla blir kanalisert inn i område villreinen ønskjer å bruke som vinterbeite. I nokon grad vil traseane og turisthyttene bli nytta før løypene er kvista, men utan slik tilrettelegging kan ein likevel forvente ein redusert bruk.

GPS-data viser at villreinen i liten grad kryssar dei kvista løypene til Taumevatn i februar og mars. Etter verneområdeforvaltar si vurdering har dette samanheng med den relativt omfattande ferdsla og motorferdsla frå fleire aktørar på desse løypestrekningane. Dette har da medført at tidlegare brukte delar av villreinområde på Holmavasshei og i Gofardalen nesten ikkje lenger er i bruk.

Utsett tidspunkt for kvisting vart drøfta med dei to turistforeiningane i eit møte 9. januar i år. DNT sør uttrykte frustrasjon over at det no vert føreslått restriksjonar utover det som var del av høyringsforslaget til tiltaksplanen, og at dette gjer det lite føreseieleg for drifta. Dei peiker også på viktigheita av dei kvista løypene for tryggleiken til turgåarane. Når løypene er kvista er dei også nyttige for dei som står for varetransporten til turisthyttene.

Tiltaksplanen inneheldt ikkje konkrete forslag om avgrensing av tidspunkt for kvisting, men under tiltakspakke 2 er det føreslått *reduksjon og tilpassing av motorferdsel i utmark i villreinområder*. Her er det synt til utfordringane motorisert og ikkje-motorisert ferdsel gir i høve til reinens moglegheiter til å flytte seg fritt innafor villreinområdet.

I ljøs av framlegget til tiltaksplan og verneområdestyret sin uttale til denne, bør det difor ikkje vera noko stor overrasking om arbeidsutvalet nyttar den nye løyveperioden til å stramme inn noko på tilrettelegginga i høgheia.

§12 omhandlar miljøforsvarleg teknikkar, driftsmetodar og lokalisering. Etter forvaltningssekretariatet si vurdering vil transport med snøskuter være den beste løysinga for det transportbehovet som er skissert i søknaden.

§11 legg til grunn at eventuelle kostnader ved miljøforringing skal bærast av tiltakshavar. Tiltakshavar er fullt og heilt ansvarleg for ei miljømessig god løysing.

Konklusjon

Motorferdsla det er søkt om vil til ein viss grad ha ein negativ innverknad på verneverdiane i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde, og delvis komme i konflikt med verneføremålet. Den negative innverknaden på villreinen vil bli mindre om kvistetidspunktet blir utsett og fjellet «opnast»

seinare på vinteren. Det blir derfor innført utsett kvistetidspunkt for tre løypestrekningar. Det må være ei målsetting at ein av omsyn til villreinen får redusert motorferdsla og ferdsla i dette område om vinteren.

SØKNAD OM LØYVE FOR MOTORFERDSEL I Sirdal kommune. i Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane og øvrige områder.

**Søknaden for periode: Årlig 15.januar- 30. april frå 15.01.2026 til 30.04. 2026 dvs.
varighet på 3 år**

Søkar: Stavanger Turistforening (STF)
Postboks 239 sentrum, 4001 Stavanger

Besøksadresse: Olav V's gate 18, 4005 Stavanger
Telefon: + 47 51 84 02 10

Kontaktperson Per Henriksen Mobil: + 47 982 17 262 per.henriksen@dnt.no

Søknaden går til SVR



og alle berørte kommuner der Stavanger Turistforening har behov for motorisert ferdsl, her menes da snøskuter transport.

Behovet er driftsutstyr inn og søppel ut samt kvisting.

1 tur = snøskuter med slede. Transport av ved er det opptil 2 sleder pr. skuter.

Det søkes løyve til dobbelt av antall turer det er behov for eller eit åpent løyve som gjelder for det behovet STF har.

Søknadene er delt opp i kommuner og hvem som kjører. Flere av kjøreoppdraga går via flere kommuner. Utgangspunktet er hyttene.

Transporten inneholder ved, driftsutstyr, proviant og gass

Returen er alltid med boss og tomgods. Det er kildesortering på alle hyttene.

Hver gjest legger i gjennomsnitt 0,25 kg med søppel og returpant pr overnatting.

Det fleste turer vil være ein kombinasjon av flere gjøremål og på ein og samme tur går turen ofte innom flere hytter.

Års behov av ved på ei hytte er alt fra 0,5 til 3 favner. 1 Favn = 40 sekker

Det lastes 17 sekker a 60L på 2 stk sleder pr. snøskuter tur

Det legges opp til at flere hytter får ved kun 2. hvert år.

Transport av totalt vekt vil i snitt bli ca 1 tonn pr. hytte pr år som i tillegg inkluderer driftsutstyr, gass, proviant og forefallende vedlikehold

Av sikkerhets hensyn så kjøres noen av turene med 2 eller 3 skuter

Alle turer er med slede slik at mest mulig utstyr blir fraktet inn på ein og samme tur.

Fast rutine er også å teste og vedlikeholde **nødsamband** på hytter som har dette. Kjell Ove Nærheim og Roger Alvær som har teknisk tilsyn og må ha løyve for å kjøre og reparere nødsenderne ved feil. Sambandet testes hver søndag fra Stavanger og det er så å si ingen feil på hyttene. Feil ligger ofte på Senderen på Hundeknut

Ved sykdom hos leiekjører eller anna uforutsett hendelse må ansvarlige i driftsavdelingen Erik Gram Kverneland, Ola Ravnaas, Brita Gundersen, Stian Haga og Per Henriksen også å ha løyve til å kjøre i alle områdene.

Når STF kjører, er det:

Ansatte:

Erik Gram Kverneland, Stian Haga, Olaf Andre Frøyland, Brita Gundersen og Per Henriksen
På dugnad Åge Åmdal (over 76 år)

Ny kandidater på er opplæring og dem aktuelle er fra Dugnadsgruppa til STF::

Steven Hegelstad, Ketil Slogvik, Morten Abrahamsen Lars Tore Serigstad, Hans Gornitzka; Lasse Robberstad, Ingunn Vik, Ketil Waagbø, Ole Jacob Bratland, Sjur Vik, Magnar Gardum, Karl Oskar Sørдал, Steinar Dahl, Christian Storm Trosdahl, Ola Ravnaas og Ronny Rustøen.

Trassen er kun skiløypene som er markert som blå på www.ut.no og kvistekartet. + Garasje Beinlei og direkte til Eidavatn og Hovatn

Se vedlegg

Det er ikkje behov for å kjøre noen andre steder utenfor markerte løype. Se vedlegg delt opp i Kommuner.

Kopi til grunneiere.

Søknaden beskrevet frå nord og sør over



Holmevatn hytta

Transportbehov:

Kvist: Haukeliseter fjellstue – Holmevatn ferdig fredag før vinterferien uke 7 Kommer det mye snø blir det kvister på ny før påske. 2 turer

Driftsutstyr, proviant og gass forsynes normalt frå Bleskestadmoen, men må ha mulighet også frå Haukeli 4 turer

Kjører her er Ansatt STF Vaktmester og Bestyrer Haukeliseter fjellstue: Vaktmester ny fra mars 2024 og Håkon Aarthun Resepsjonssjef: Christel L Hansen

Driftsutstyr, proviant, gass og ved

Bleskestad – Holmavatn 4 turer

Veden kjøres opp 2. år og fraktes frå dam oppe med Holmavatnet

Kjører Ola Jordebrekk og Erik Jordebrekk 10 turer

Kvisting ferdig fredag før påske Bleskestad –Holmavatn hytta:

Kjører: Jakop Vetrhus 1 tur

I tillegg Kvister Hydro over Sandvatn og under kraftlinjen opp til Holmavatnet (Hydro har egen søknad)

Nødsamband: Kjell Ove Nærheim og kun når det behov



Suldal kommune

Kvanndalen

Transportbehov:

Driftsutstyr, gass og ved

Bleskestad – Kvanndalen

Ikkje merket vinterløype vinter på ut.no Traseen: Følger veien opp til Kvanndalsdammen over Kvanndalsvannet og via Trongjo til Kvanndalen. Grunnet regulering og usikker is på Kvanndalsvatnet er det svært sjelden det er mulig å kjøre Snøskuter her.

Ola og Erik Jordebrekk 2 turer

Bleskestadmoen

Transportbehov:

Kvist, driftsutstyr, proviant, gass og ved

Bleskestad – Sandvatnet- Bleskestadmoen - Moltenuten

Veden fraktes ned fra dam Sandvatnet hvert 2 år.

Ola og Erik Jordebrekk 8 turer

Medhjelperer: Ny eier. Garden solgt 2024, men kjører nok kun på eigen eiendom. Jan Bakken

Nødsamband: Kjell Ove Nærheim kun når det behov

Jonstølen

Transportbehov:

Vetrhus- Jonstølen

Driftsutstyr, proviant, gass og ved

Veden fraktes frå parkeringsplass 900m nedenfor hytta hvert 2 år.

Olav og Jon-Inge Vetrhus 8 turer

Kvist: Moltenuten ovenfor Bleskestad- Krossvatn. Moltenuten – Jonstølen - Kaldavatn

Jacob og Einar Vetrhus 3 turer

Stranddalen

Transportbehov:

Kvist, driftsutstyr, proviant, gass og ved

Kjetilstadlia – Stranddalen

Kjell Ove Nærheim 10 turer

Det er ein egen søknad om helikopter og i tillegg brukes det hest om sommeren.

Nødsamband: Kjell Ove Nærheim kun når det behov

Krossvatn

Transportbehov:

Driftsutstyr, proviant, gass og ved

Kjetilstadlia – Prostøldalen – Krossvatn.

Ved kjøres også fra Skreivasskleivane - Krossvatn

Kolbein Kjetilstad 4 turer

Kvist: Stranddalen – Krossvatn

Kjell Ove Nærheim 2 turer

Driftsutstyr og proviant

STF 1 tur

Nødsamband: Kjell Ove Nærheim kun når det behov

Sandsa

Transportbehov:

Driftsutstyr, gass

Bjørn Vik 2 turer

Ved er på egen søknad om helikopter og i tillegg brukes det egen båt på Sandsavatnet fra Osane



Bykle kommune
BYKLE SER LANGT

Vassdalstjørn

Transportbehov:

Gass og ved

Kjetilstadlia – Prostøldalen – Krossvatn – Vassdalstjørn

Kolbein Kjetilstad 2 turer

Kvist: Stranddalen – Krossvatn – Vassdalstjørn Grasdalen- Skreivatn - Vassdalstjørn

Kjell Ove Nærheim 1 turer

Kvist: Vassdalstjørn – Hovatn

STF. 1 tur

Driftsutstyr og proviant

STF 1 tur

Nødsamband: Kjell Ove Nærheim kun når det behov

Hovatn

Transportbehov:

Storstein - Hovatn

Kvist, driftsutstyr, proviant og gass

STF 2 turer

Ved 3 turer

Trond Laugaland Medhjelpere: (under opplæring, Barnebarn)

Fra 2026 forsøkes det å frakte ved fra garasje på Beinlei og rett over Blåsjø til Hovatn. Da avsluttes Arne Tjørhom m.fl. tur til Hovatn

Statskraft ved Kjell Ove Nærheim kvister over Blåsjø (Statskraft har nok egen søknad)

Nødsamband: Kjell Ove Nærheim kun når det behov

Storstein

Transportbehov:

Grautheller –Svartevatn – Storstein

Kvist, driftsutstyr, proviant og gass

STF 4 turer

Ved 4 turer

Fra Svartevassdammen: Arne Tjørhom. Medhjelpere: Johan Fjelså, Jon Haugen og Geir Terje Sirikrok

Fra Beinlei: Trond Laugaland Medhjelpere: (under opplæring, Barnebarn)

Kvist Kringlevatn – Storstein STF 2 turer

Nødsamband: Kjell Ove Nærheim kun når det behov

Kringlevatn

Transportbehov:

Storevatn - Kringlevatn

Kvist, driftsutstyr, proviant og gass

STF 4 turer

Ved 3 turer

Fra Svartevassdammen: Arne Tjørhom. Medhjelpere: Johan Fjelså, Jon Haugen og Geir Terje Sirikrok

Kvist: Såtjønn- Store Auravatnet – Litle Aurådal STF 2 turer

Nødsamband: STF kun når det behov

Ingen kjøring etter 25.04

Litle Aurådal

Transportbehov:

Grautheller – Litle Aurådal

Kvist, driftsutstyr, proviant, gass

STF 3 turer

Ved 3 turer

Fra Svartevassdammen : Arne Tjørhom. Medhjelpere: Johan Fjelså, Jon Haugen og Geir Terje Sirikrok



Eidavatn

Transportbehov:

Saurdal- Eidavatn eller Gullingen – Eidavatn alt etter værforhold

Driftsutstyr, proviant, gass

Trond Laugaland 2 turer

Fra 2026 har STF fått låne lager på Beinlei og ved og proviant fraktes nå fra denne garasjen

Melands Grønahei

Transportbehov:

Funningsland – Melands Grønahei

Driftsutstyr, proviant, gass

Geir Ove Meland 2 turer

Ved på egen helikoptersøknad frå Funningsland – Melands Grønahei

Grasdalen

Transportbehov:

Førre - Grasdalen

Ved, driftsutstyr, proviant og gass

Trond Laugaland, Bjørnar Bergeland, Erik Mihle Strand 2 turer

Viglesdalen

Transportbehov:

Ved, driftsutstyr, proviant og gass

På egen helikoptersøknad frå Nes

Stakken

Transportbehov:

Nes- Stakken

Driftsutstyr, proviant, gass

På egen helikoptersøknad frå Nes

Ved på egen Helikoptersøknad frå Nilsebudammen sammen med Nilsebu

Fra 2026 ved fra Nilsebudammen med snøskuter. Bjørnar Bergeland, Erik Mihle Strand 3 turer

Nilsebu

Transportbehov:


Nilsebudammen – Nilsebu

Driftsutstyr, proviant, gass

På egen båt frå Nilsebudammen

Ved på egen Helikoptersøknad frå Nilsebudammen sammen med Stakken

Fra 2026 ved fra Nilsebudammen med snøskuter. Bjørnar Bergeland, Erik Mihle Strand 3 turer



Heibergtunet Storevatn

Transportbehov:

Taumevatn – Storevatn

Kvist, driftsutstyr, proviant og gass

STF 6 turer

Ved 6 turer

Arne Tjørhom. Medhjelpere: Johan Fjelså, Jon Haugen og Geir Terje Sirikrok

Kvist Grauthellervatnet – Grønaplasstjødnane

STF 2 turer

Nødsamband: STF kun når det behov

Taumevatn

Transportbehov:

Ådneram - Taumevatn

Kvist, driftsutstyr, proviant og gass

STF 4 turer

Ved 6 turer

Arne Tjørhom. Medhjelpere: Johan Fjelså, Jon Haugen og Geir Terje Sirikrok

Kvist Taumevatn – Håheller Arne Tjørhom 1 tur

Nødsamband: STF kun når det behov

Børsteinen

Transportbehov:

Ådneram - Børsteinen

Driftsutstyr, proviant, gass

STF 2 turer

Ved transporteres fra Lyseveien eller fra Ådneram. STF m noen fra dugnadsgruppa 4 turer

Ingen kjøring etter 15. april

Sandvatn

Transportbehov:

Hunnedalen – Sandvatn. Lortabu – Sandvatn. Er Isen på Øyarvatnet utrygg is legger løypa over Stutahei

Kvist, ved, driftsutstyr, proviant og gass

Det kvistes også to små ruter for Hunnedalen Velforening slik at ein får tilkomst til

kvisteløypa som går til Blåfjellenden. 1 km over Tverratjødn og 3km over Komletjødn

Inge Marton og Sissel Øvstabø. Medhjelpere: Siv Karin Øvstabø, Per Ålgård og Asbjørn

Sjursen. 10 turer

Nødsamband: STF kun når det behov

Tomannsbu

Transportbehov:

Skreå –Tomannsbu - Tvaitabrekka

Kvist, ved, driftsutstyr, proviant og gass

Arnt Åge Skreå. Medhjelpere: Torunn Fossen og Katrine Fossen Skreå 10 turer

Nødsamband: STF kun når det behov

Støle

Transportbehov:

Skreå- Støle

Ved, driftsutstyr, proviant og gass

Arnt Åge Skreå. Medhjelpere: Torunn Fossen og Katrine Fossen Skreå 8 turer

Fra 2026 så planlegges det å hugge ved rundt hytta og utstyr kommer samtidig som Kvitlen på egen helikoptersøknad. Planlegger nok mindre snøskuter kjøring her fra. Sist tur var 2022



SANDNES
KOMMUNE

Grautheller

Transportbehov:

Ådneram - Grautheller

Kvist, driftsutstyr, proviant og gass

STF 4 turer

Ved 6 turer

Arne Tjørhom. Medhjelpere: Johan Fjelså, Jon Haugen og Geir Terje Sirikrok

Langavatn

Transportbehov:

Hunndalen – Sandvatn - Langavatn

Kvist, ved, driftsutstyr, proviant og gass

Inge Marton og Sissel Øvstabø. Medhjelpere: Siv Karin Øvstabø, Per Ålgård og Asbjørn Sjursen. 10 turer

Skåpet

Transportbehov:

Øvre Espedalen – Skåpet

Ved på egen Helikoptersøknad frå Vinddalen



Gjesdal kommune

Blåfjellenden

Transportbehov:

Høgaleite - Blåfjellenden

Kvist, ved, driftsutstyr, proviant og gass

Inge Marton og Sissel Øvstabø. Medhjelpere: Siv Karin Øvstabø, Per Ålgård og Asbjørn Sjursen. 10 turer

Kvitlen

Transportbehov:

Bjordal - Kvitlen

Ved, driftsutstyr, proviant og gass

Fra 2022 blir ved produsert rundt hytta

Helikoptersøknad egen søknad når behov.

Eg er kjend med at eg sjølv er pliktig til å innhente løyve til landing/ferdsel frå grunneigar.


- Eg er kjend med at eg er pliktig til å førelogg over turar i medhald av løyvet.
- Eg er kjend med at eg pliktar å melde frå til oppsynet i forkant av turen dersom løyvet omfattar ferdsel i restriksjonsperiodar/-områda for villreinkalving/-trekk.
- Eg er kjend med at løyvet kan trekkast tilbake ved brot på lover og forskrifter og at slike brot kan straffast.
- Eg er kjend med at løyvet kan trekkast tilbake på kort varsel i periodar når omsynet til viltet tilseier det.

Stavanger 05.01.2026

Per Henriksen

Per Henriksen

Driftsleder



Postadresse: Postboks 239 sentrum, 4001 Stavanger

Besøksadresse: Olav V's gate 18, 4005 Stavanger

Telefon: + 47 51 84 02 10, Mobil: + 47 982 17 262

Per.Henriksen@dnt.no



Arkivsaksnummer: 2026/1007

Saksbehandlar: Alf Odden

Dato: 19.01.2026

Utval	Utvalsak	Møtedato
AU i verneområdestyret for SVR	8/26	23.01.2026

Søknad om bruk av snøskuter til varetransport og kvisting til turisthytter i Holmavassåno biotopvernområde og Kvanndalen og Dyraheio landskapsvernområder, Suldal kommune - Stavanger turistforening

Forvaltar si innstilling

I medhald av kapittel III og kapittel IV, punkt 3.1 i verneføreskriftene for Kvanndalen og Dyraheio landskapsvernområder, samt kapittel III, kapittel IV, punkt 3 og kapittel VI, punkt 4 i Forskrift om vern av Holmavassåno biotopvernområde, får Stavanger turistforening løyve til å bruke snøskuter til transport av utstyr, proviant og ved til turisthyttene Holmavasshytta, Bleskestadmoen, Jonstøl, Krossvatn og Stranddalen. Løyve gjeld og kvisting til og mellom turisthyttene.

Det blir ikkje gitt løyve for varetransport med snøskuter til turisthytta Kvanndalen. Tidlegare køyrerute over Kvanndalsdammen kan ikkje lenger brukast på grunn av usikker is på magasinet. Avslaget er fatta etter kapittel III og kapittel IV, punkt 3.1 i verneføreskrifta for Kvanndalen landskapsvernområde, og grunngjeve med at alternativ køyrerute over Holmavatnet, Isvatnet og ned heile Kvanndalen er på 27 km og går gjennom viktige vinterbeiteområde for villreinen. Det avgrensa transportbehovet til den ubetente og lite brukte turisthytta må heretter løysast med bruk av helikopter.

Løyve gjeld for inntil 51 transportar, fordelt på løypestrekningane i tabellen under, i tidsrommet 2026-2027. Løyve gjeld fram til og med 30.04 kvart år.

Transportane og kvistinga skal følgje vanleg køyrerute inn til turisthyttene slik det er vist på kart for vinterløyper på ut.no. Arbeidet med kvisting kan tidlegast ta til 10 dagar før fredagen i førekant av påskeferieveka. Denne dagen fell på 17. mars i 2026 og 9. mars i 2027.

Løypestrekning	Tal på transportar	Km i verneområde
Sandvatnet – Holmavasshytta	10 transportar (9 varetransportar og 1 kvisting)	8
Sandvatnet – Bleskestadmoen	9 transportar (8 varetransportar og 1 kvisting)	5
Bleskestadmoen – Jonstøl	1 transport (kvisting)	11

Mostøl – Jonstøl	8 transport (varetransport)	0.5
Jonstøl – Vestre Kaldevatn	1 transport (kvisting)	9
Kjetilstadlio – Krossvatn over Såta	5 transportar (varetransport)	14
Kjetilstadlio – Stranddalen	10 transportar (9 varetransport og 1 kvisting)	5
Stranddalen – Krossvatn	2 transportar (kvisting)	17
Krossvatn – Vassdalstjørn	3 transport (2 varetransportar og 1kvisting)	10
Krokevasstølen – Gravetjørn	1 transport (kvisting)	19
Kaldavadet – Vassdalstjørn	1 transport (kvisting)	8

Løyve gjeld for følgjande leigekøyrarar: Ola Jordebrekk, Erik Jordebrekk, Jakob Vetrhus, Einar Vetrhus, Olav Vetrhus, Jon-Inge Vetrhus, Kolbein Kjetilstad, Kjell Ove Nærheim og Jan Bakken.

Løyve gjeld for følgjande personell i Stavanger turistforening: Per Henriksen, Erik Gram Kverneland, Stian Haga, Brita Gundersen, Ola Ravnaas, Olaf Arne Frøyland og Åge Åmdal.

Løyve gjeld og for Kjell Ove Nærheim og Roger Alvær om det blir nødvendig med vedlikehald og reperasjonar av nødsambandet på hyttene.

Ved særskilte behov kan og medlem av dugnadsgruppa i STF delta på transportane.

Løyve blir gjeve med desse vilkåra:

- Før kvisting tar til skal STF kontakte forvaltningssekretariatet for SVR i høve til om det er observert villrein i nærleiken av dei aktuelle traseane og beitetilhøva gjeldande sesong. Om naudsynt skal tidspunkt for kvisting utsettast.
- Løyvet skal alltid vera med under transporten. Før kvar tur må loggskjema fyllast ut. Skjemaet skal alltid følgje løyvet.
- Om førar under transporten observerer villrein innanfor ein avstand på 400 meter frå traseen skal transporten utsettast slik at villreinen ikkje vert uroa
- Talet på gjennomførte transportar skal rapporterast til SVR innan 1. juni kvart år

Som grunngjeving legg arbeidsutvalet vekt på at kvisting til påske gjer det mogleg for STF å oppretthalde eit tilbod vinterstid. Motorferdsla knyt til varetransport og ferdslar i dei kvista løypene skjer etter ein nord-sør akse gjennom store delar av verneområde. Forstyrringa dette medfører er uheldig for villreinsimlene som trekker austover mot kalvingsområda i april. Etter verneområdeforvaltar si vurdering er det vanskeleg å redusere motorferdsla vesentleg, utan ei omlegging av drifta av STF sitt hytte- og løypenett.

I tiltaksplanen (tiltakspakke 2) er det lagt opp til eit større arbeid med å redusere den samla påverknaden frå motorferdsel i villreinområda. Vernemyndigheita mfl. er gjeven eit ansvar i gjennomføringa. I lys av dette bør det for dei større aktørane med mykje motorisert ferdslar settast i gong eit arbeid med å konkretisere og iverksette dei nemnde tiltaka. Av den grunn bør løyvet for turistforeiningane i denne omgang avgrensast til to år. I løpet av denne perioden er det ei klar forventning om at alle dei større aktørane har ei kritisk gjennomgang av eigen verksemd med siktemål å redusere motorferdsla. I tillegg må det sjåast nærare på korleis nødvendig motorferdsel kan gjennomførast med mindre forstyrring av villreinen. Ramma for eit slikt arbeid bør leggjast fram som ei eigen sak for verneområdestyret.

Verneområdestyret har ikkje heimel til å gje løyve til følgjeskuter, men fleire skuterar kan køyre saman dersom alle bidreg i transporten og alle transportane blir rapportert.

For bruk av snøskuter vil det i mange høve også vera naudsynt med løyve etter *Lov om motorferdsel i utmark*. Søknad om dette må sendast kommunen.

Etter § 10 i *Lov om motorferdsel i utmark* kan grunneigar nekte motorferdsel på sin eigedom. Om du skal lande på andre sin eigedom oppmodar vi difor om at du hentar inn samtykke frå aktuelle grunneigarar.

--- slutt på innstilling ---

Saksopplysninger

Bakgrunn for søknaden

Viser til søknad frå Stavanger turistforening datert 09.01.2026 og vedtak for tilsvarande søknad i delegert vedtak 21/24.

Stavanger turistforening søker om løyve til bruk av snøskuter i samband med transport av proviant, utstyr og ved til turisthyttene i Kvanndalen og Dyraheio landskapsvernområder, samt til kvisting av rutene mellom desse hyttene, inkludert ein trase i Holmavassåno biotopvernområde. Søknaden omfattar til saman om lag 50 transportar kvart år, inkludert tilsyn med naudsambandet på hyttene og uttransport av søppel og tomgods. Dei fleste transportane vil bli utført av lokale leigekøyrarar. Køyrerutene det er søkt om følger vintertraseane som vist på ut.no. Det søkast om så mange transportar som nødvendig kvart år fram til 2028.

Stavanger turistforening søker samla sett om varetransport og kvisting til 17 turisthytter i og rett ved verneområda i SVR. Det totale talet på snøskutertransporter i søknaden ligg på om lag 146.

Søknaden gjeld fornying av løyvet som gjaldt ut sesongen 2025. Varigheita av dette vart avgrensa til to år grunna moglege endringar som følgje av arbeidet med tiltaksplanen for villreinområdet. Førre løyve vart handsama som delegert sak. På grunn av det pågåande arbeidet med tiltaksplanen må ein rekne med at denne saka får ein del merksemd. Saka blir derfor lagt fram til handsaming i arbeidsutvalet.

Formell bakgrunn for vurdering og vedtak

- Forskrift om vern av Holmavassåno biotopvernområde av 26.09.1997
- Forskrift om vern av Kvanndalen landskapsvernområde av 26.09.1997
- Forskrift om vern av Dyraheio landskapsvernområde av 26.09.1997
- Forvaltningsplan for verneområda i Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane, godkjent 2015
- Naturmangfaldlova.

Heimelsgrunnlag

Holmavassåno biotopvernområde, Kvanndalen landskapsvernområde med plantelivsfreding og Dyraheio landskapsvernområde med biotopvern vart oppretta ved kongeleg resolusjon 26.09.1997.

I kapittel III i verneføreskrifta for Holmavassåno biotopvernområde heiter det at «*Føremålet med biotopvernet er å sikre viktige trekkvegar for villreinen i fjellområdet mellom Kvanndalen landskapsvernområde og Dyraheio landskapsvernområde*».

Motorferdsle i Holmavassåno blir regulert av verneføreskrifta sitt kapittel IV, punkt 3. Her heiter det at *"Motorisert ferdsel i utmark og i vassdrag er forbode. Flyging lågare enn 300 m over bakken og landing er forbode"*. Vidare heiter det i kapittel IV, punkt 4 at *"Når verksemda kan skje utan at det strir med føremålet med vernet, kan forvaltningsstyresmakta eller den forvaltningsstyresmakta gjev fullmakt, på nærare vilkår gje løyve til: Motorferdsel i utmark og landing med luftfartøy"*.

Tiltaket det er søkt om kjem etter vårt syn inn under kapittel IV, punkt 3. i verneføreskrifta, og krev derfor dispensasjon etter kapittel VI, punkt 4 for å kunne gjennomførast.

I kapittel III i verneføreskriftene for Kvanndalen og Dyraheio landskapsvernområde heiter det at *"Føremålet med landskapsvernet er å ta vare på eit særmerkt fjellområde med urørt natur, rikt planteliv med m.a. bergjunker, verdifulle stølsområde og beitelandskap, eldre og nyare kulturminne etter støling, heibeiting, jakt, fiske og fangst. Føremålet er også å ta vare på viktige leveområde for viltet, spesielt å sikre eit samanhengande fjellområde og delar av livsgrunnlaget for den sørlegaste villreinstamma i Europa"*.

Motorferdsle i Kvanndalen og Dyraheio blir regulert av verneføreskrifta sitt kapittel IV, punkt 3.1. Her heiter det at *"Motorisert ferdsel i utmark og i vassdrag er forbode. Flyging lågare enn 300 m over bakken og landing er forbode"*. Vidare heiter det at *"Forvaltningsstyresmakta eller den forvaltningsstyresmakta gjev fullmakt, kan likevel gi løyve til motorferdsel i særskilde høve"*.

Tiltaket det er søkt om kjem etter vårt syn inn under kapittel IV, punkt 3.1 i verneføreskrifta, og krev derfor dispensasjon etter kapittel IV, punkt 3.1, andre ledd for å kunne gjennomførast.

Verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane har forvaltningsmynde for Kvanndalen og Dyraheio landskapsvernområder, samt Holmavassåno biotopvernområde.

Vurdering

Naturmangfaldlova

Etter § 7 i Naturmangfaldlova skal dei miljørettslege prinsippa i §8 til 12 leggst til grunn som retningslinjer ved utøving av offentlig myndigheit. Forvaltningsmyndigheita må ved alle tiltak som vedkjem naturmangfaldet, vurdere søknadane etter desse paragrafane.

Innverknad på verneverdiar og verneføremål

Store deler av dei aktuelle køyrerutene går i eit ope høg fjellandskap om lag 900-1300 moh, men nokre går og i område med fjellbjørkeskog 600-700 moh. Dei delane av Holmavassåno og Dyraheio blir relativt mykje brukt av villreinen i område. Dette blir og stadfesta av resultata frå NINA sitt GPS-merkeprosjekt (NINA rapport 694/2011). Her er det dokumentert at sju av dei åtte simlene som har nytta nordområdet har vore i nærleiken av dei aktuelle køyrerutene den tida dei hadde sendar. Store deler av Dyraheio blir og årvisst nytta som vinterbeitefor villreinstamma. Elles viser nyare GPS-data frå www.dyreposisjoner.no (2011-2025) at simlene som held til i dette område trekker mot kalvingsplassane lengre aust i løpet av mars og april. Vinteren 2020, da beiteområda i høgheia var nedisa, var det og villrein ved dei lågareliggande delane av køyreruta. Viktig kunnskap er og henta frå kartfortelling delnorm 3 ([Delnormtresetesdalryfylke | Villrein](#)) som vart nytta i klassifiseringa etter kvalitetsnorma. I Norsk raudliste for artar for 2021 vart villrein oppført som nær truga (NT).

Kunnskap om naturmangfaldet i området baserer seg og på Miljødirektoratet sin naturdatabase med innsyn til sensitiv informasjon (www.naturbase.no), samt tilsvarende informasjon i Temakart Rogaland. Så langt forvaltningsstyresmakta kjenner til etter søk i Naturbase, er det ikkje registrert informasjonen om andre prioriterte arter, trua eller nær trua arter på Norsk raudliste for arter 2021 eller andre verdifulle arter. Det er heller ikkje informasjon om utvalde naturtypar, trua eller nær trua naturtypar på Norsk raudliste for naturtypar 2025 eller andre verdifulle naturtypar. Det er ikkje komme fram andre opplysningar som tyder på at det finns slike arter og/eller naturtypar i det aktuelle område.

Kunnskap om kulturminne i området baserer seg på Riksantikvaren sin kulturminnebase Askeladden. Her er det ikkje registrert kulturminne som kan ta skade av motorferdsle det er søkt om.

Kunnskapsgrunnlaget (§8) som ligg føre for å vurdere dei omsøkte tiltaka si innverknad på verneverdiar og verneføremål, må derfor vurderast som tilstrekkeleg til at forvaltningsstyresmakta kan fatte vedtak i saka. §9 om "Føre var prinsippet" vil derfor bli tillagt mindre vekt i dei følgjande vurderingane.

§10 tek føre seg den samla belastninga av økosystemet i området. Utover dei fem turisthyttene ligg det om lag 10 stølar og sankehytter ved dei aktuelle køyrerutene. I tillegg er fleire kraftverksinstallasjonar og regulerte vatn og vassdrag i området i samband med Ulla-Førre og Røldal-Suldal utbyggingane. Det er derfor ein del motorferdsle i område frå før i samband med transport av ved og proviant til hyttene og i samband med tilsyn av kraftverksinstallasjonane. I tillegg har Suldal Røde Kors Hjelpekorps løyve til to kjentmannsturar i året for deler av strekninga. Det er og ein del skituristar i område i helger og ferier frå februar til mai. Vinteren 2024 var det til saman registrert 1059 overnattingar på dei fem turisthyttene etter dei aktuelle køyrerutene.

Sjølv om denne desse områda er viktige leveområde for villrein, og det er ein del både motorisert og ikkje motorisert ferdsle i område frå før, vurderer ikkje forvaltningsmyndigheita den samla belastninga som urovekkjande høg. Ut frå dagens kunnskap er ikkje den samla ferdsla i område av eit slik omfang at den medfører omfattande og systematiske forstyringar av villreinen bortsett frå eit par veker rundt påske. Etter forvaltningsstyresmakta si meining, vil den omsøkte motorferdsle berre til ein viss grad føre til større belastning på økosystemet i område. Sjølv om motorferdsle har eit visst omfang så følgjer den faste køyreruter, og dei alle fleste transportane gjennomførast i eit avgrensa tidsrom i mars/april.

I arbeidet med tiltaksplanar for villreinfjellet etter kvalitetsnorma har det vore drøfta om det av omsyn til villrein bør gjerast endringar i løypenettet, tidspunkt for vintermerking og plassering av enkelte turisthytter. Så langt er det ikkje tatt noko avgjersle om dette. Dagens praksis med vintermerking bør difor i hovudsak kunne vidareførast i ein ny løyveperiode.

§12 omhandlar miljøforsvarleg teknikkar, driftsmetodar og lokalisering. Etter forvaltningssekretariatet si vurdering vil transport med snøskuter være den beste løysinga for det transportbehovet som er skissert i søknaden.

§11 legg til grunn at eventuelle kostnader ved miljøforringing skal bærast av tiltakshavar. Tiltakshavar er fullt og heilt ansvarleg for ei miljømessig god løysing.

Konklusjon

Motorferdsla det er søkt om vil til ein viss grad ha ein negativ innverknad på verneverdiane i Dyraheio landskapsvernområde og Holmavassåno biotopvernområde, og delvis komme i konflikt med verneføremålet. Forstyrningane av villrein blir likevel vurdert til å være av relativt avgrensa og forbigåande karakter. Det må likevel være ei målsetting at ein av omsyn til villreinen får redusert motorferdsla og ferdsla i dette område om vinteren.



Arkivsaksnummer: 2026/1007

Saksbehandlar: Alf Odden

Dato: 19.01.2026

Utval	Utvalsak	Møtedato
AU i verneområdestyret for SVR	9/26	23.01.2026

Søknad om bruk av snøskuter til varetransport og kvisting til turisthyttene Blåfjellenden, Sandvatn og Langavatn, Sandnes, Gjesdal og Sirdal kommunar - Stavanger turistforening

Forvaltar si innstilling

I medhald av §2, §3, punkt 5.1 og §3, punkt 5.3a. i Forskrift om vern av Frافjordheiane landskapsvernområde, får Stavanger turistforening løyve til å bruke snøskuter til transport av utstyr, proviant og ved til turisthyttene Sandvatn, Langavatn og Blåfjellenden. Løyve gjeld og kvisting til og mellom turisthyttene.

Løyve gjeld for inntil 9 årlege snøskutertransportar til kvar av dei tre turisthyttene for perioden 2026-2029. Løyve gjeld fram til og med 30.04 kvart år.

Transportane og kvistinga skal følgje vanlege vinterløyper fram til turisthyttene slik det er vist på kartet i vedtaket. Utgangspunktet for transportane skal være Høgaleite eller Lortabu.

Arbeidet med kvisting kan tidlegast ta til 10 dagar før fredagen i førekant av vinterferieveka (veke 9).

Løyve gjeld for følgjande leigekøyrarar: Inge Marton Østebø og Sissel Østebø med medhjelparane Siv Karin Østebø, Per Ålgård og Asbjørn Sjursen.

Løyve gjeld for følgjande personell i Stavanger turistforening: Per Henriksen, Erik Gram Kverneland, Stian Haga, Brita Gundersen, Ola Ravnaas, Olaf Arne Frøyland og Åge Åmdal.

Løyve gjeld og for Kjell Ove Nærheim og Roger Alvær om det blir nødvendig med vedlikehald og reparasjonar av nødsambandet på hyttene.

Ved særskilte behov kan og medlem av dugnadsgruppa i STF delta på transportane.

Løyve blir gjeve med desse vilkåra:

- Før kvisting tar til skal STF kontakte forvaltningssekretariatet for SVR i høve til om det er observert villrein i nærleiken av dei aktuelle traseane og beitetilhøva gjeldande sesong. Om naudsynt skal tidspunkt for kvisting utsettast.
- Løyvet skal alltid vera med under transporten. Før kvar tur må loggskjema fyllast ut. Skjemaet skal alltid følgje løyvet.
- Om førar under transporten observerer villrein innanfor ein avstand på 400 meter frå traseen skal transporten utsettast slik at villreinen ikkje vert uroa
- Talet på gjennomførte transportar skal rapporterast til SVR innan 1. juni kvart år


Som grunngjeving legg arbeidsutvalet vekt på at køyringa i samband med kvisting og transport til hyttene er på nivå med tidlegare periode. På bakgrunn av villreinens noverande områdebruk og vilkåra i løyvet, vil motorferdsla være forsvarleg ut i frå verneomsyn.

Verneområdestyret har ikkje heimel til å gje løyve til følgjeskuter, men fleire skuterar kan køyre saman dersom alle bidreg i transporten og alle transportane blir rapportert.

For bruk av snøskuter vil det i mange høve også vera naudsynt med løyve etter *Lov om motorferdsel i utmark*. Søknaad om dette må sendast kommunen.

Etter § 10 i *Lov om motorferdsel i utmark* kan grunneigar nekte motorferdsel på sin eigedom. Om du skal køyre over andre sin eigedom oppmodar vi difor om at du hentar inn samtykke frå aktuelle grunneigarar.

Kart over køyreruter og kvista løyper fram til turisthyttene i Frafjordheiane.



--- slutt på innstilling ---

Saksopplysninger

Bakgrunn for søknaden

Viser til søknad frå Stavanger turistforening frå 09.01.2026, og vedtak for tilsvarande søknad i delegert vedtak 20/24.

Stavanger turistforening søker om løyve til bruk av snøskuter i samband med transport av proviant, utstyr og ved til turisthyttene i Frafjordheiane landskapsvernområde, samt til kvisting av rutene mellom desse hyttene. Det søkast om så mange transportar som nødvendig, til saman om lag 30 transportar til dei tre hyttene. Dette inkluderer tilsyn med naudsambandet på hyttene og uttransport av søppel og tomgods. Ein del av transportane vil bli utført av lokale leigekøyrarar. Køyrerutene det er søkt om følger vintertraseane som vist på ut.no.

I praksis er transportbehovet eit normalt år noko mindre enn det det søkast om. Transport av proviant og utstyr og ved løysast gjennom 2-3 transportar med to snøskuterar til kvar hytte, og frakt av ved krev 6 transportar anna kvart år. Kvistinga utførast gjennom 1 transport med to snøskuterar som er innoom alle tre hyttene. Snøskutertransportane i Frafjordheiane er såleis i praksis avgrensa til tre-fire dagar kvar vinter.

Stavanger turistforening søker samla sett om varetransport og kvisting til 17 turisthytter i og rett ved verneområda i SVR. Det totale talet på snøskutertransporter i søknaden ligg på om lag 146.

Søknaden gjeld fornying av løyvet som gjaldt ut sesongen 2025. Varigheita av dette vart avgrensa til to år grunna moglege endringar som følgje av arbeidet med tiltaksplanen for villreinområdet. Førre løyve vart handsama som delegert sak. På grunn av det pågåande arbeidet med tiltaksplanen må ein rekne med at denne saka får ein del merksemd. Saka blir derfor lagt fram til handsaming i arbeidsutvalet.

Formell bakgrunn for vurdering og vedtak

- Forskrift om vern av Frafjordheiane landskapsvernområde av 30.01.2004.
- Forvaltningsplan for verneområda i Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane, godkjent 2015
- Naturmangfaldlova.

Heimelsgrunnlag

Frafjordheiane landskapsvernområde og dei tilgrensande naturreservata Ørestø og Migaren vart oppretta ved Kronprinsregenten sin resolusjon 19.12.2003. Direktoratet for naturforvaltning vedtok 30.01.2004 ei mindre endring i verneforskrifta

Føremålet med opprettinga av Frafjordheiane landskapsvernområde er etter §2 mellom anna:

- å ta vare på eit representativt, særprega og vakkert landskap, med bratte fjord- og dalsider via lågheiar opp til glattskurt høgfjell.
- å ta vare på vatn og vassdrag, viktige leveområde for eit særmerkt plante- og dyreliv, geologiske landskapsformer, samt beite- og stølslandskap med automatisk freda og nyare tids kulturminne.

Vidare heter det at *"Allmenta skal ha høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med lita grad av teknisk tilrettelegging"*.

Motorisert ferdsel i verneområdet blir regulert av verneforskrifta §3, punkt 5.1. Her heter det at motorferdsel er forbode på land og i vatn. I §3, punkt 5.3, bokstav a. heter det vidare at forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gje løyve til bruk av båt med motor, motorkjøretøy på frosen eller snødekt mark, eller luftfartøy i samband med kvisting av skiløyper og transport av varer til hytter og støler.

Motorferdsla det er søkt om kjem etter vårt syn inn under §3 punkt 5.1 og krev derfor dispensasjon etter §3, punkt 5.3, bokstav a for å kunne gjennomførast.

Verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane har forvaltningsmynde for Frafjordheiane landskapsvernområde.

Vurdering

Naturmangfaldlova

Etter § 7 i Naturmangfaldlova skal dei miljørettslege prinsippa i §8 til 12 leggest til grunn som retningslinjer ved utøving av offentlig myndigheit. Forvaltningsmyndigheita må ved alle tiltak som vedkjem naturmangfaldet, vurdere søknadane etter desse paragrafane.

Innverknad på verneverdiar og verneføremål

Store deler av den aktuelle køyreruta går i eit ope høg fjellandskap om lag 900-1100 moh. Frafjordheiane blir i liten grad brukt av villreinen, og denne låge bruken har vore mønsteret ei tid. I www.dyreposisjoner.no er det ikkje registret GPS-plott i dette området i perioden 2006-2025. I Norsk Villreinsenters rapport Kartlegging av villreinens arealbruk i Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei (NVS rapport 6/2010) er det registrert eit villreintrekk vest for Langavatn og eit ved Sandvatn. Motorferdsla det er søkt om kjem i kontakt med desse villreintrekka, men slik villreinens områdebruk er i dag, vil det ikkje oppstå konflikt. Etter 2020 har det vore observert nokre mindre villreinflokkar vest for Lysevegen, men ikkje så langt vest som dei aktuelle køyrerutene. Viktig kunnskap er og henta frå kartfortelling delnorm 3 ([Delnormtresetesdalryfylke | Villrein](#)) som vart nytta i klassifiseringa etter kvalitetsnorma.

I Norsk raudliste for artar for 2021 vart villrein oppført som nær truga (NT).

Kunnskap om naturmangfaldet i området baserer seg og på Miljødirektoratet sin naturdatabase med innsyn til sensitiv informasjon (www.naturbase.no), tilsvarande informasjon i Temakart Rogaland, samt viltkart for Sirdal kommune.

På viltkartet for Sirdal kommune er det registrert informasjonen om trua eller nær trua artar på Norsk raudliste for artar 2021 og andre verdifulle artar, relativt nær det aktuelle løypenettet. Ettersom dei aktuelle lokalitetane framleis er i bruk etter at løypenettet har vore kvista i om lag 30 år, er det mykje som tydar på at ferdsla i løypenettet ikkje utgjer noko større trugsmål mot lokalitetane.

Forvaltningssekretariatet har ikkje informasjon om utvalde naturtypar, trua eller nær trua naturtypar på Norsk raudliste for naturtypar 2025 eller andre verdifulle naturtypar som kan ta skade av motorferdsla det er søkt om.

Kunnskap om kulturminne i området baserer seg på Riksantikvaren sin kulturminnebase Askeladden. Her er det ikkje registrert kulturminne som kan ta skade av motorferdsla det er søkt om.

Kunnskapsgrunnlaget (§8) som ligg føre for å vurdere dei omsøkte tiltaka si innverknad på verneverdiar og verneføremål, må derfor vurderast som tilstrekkeleg til at forvaltningsstyresmakta kan fatte vedtak i saka. §9 om "Føre var prinsippet" vil derfor bli tillagt mindre vekt i dei følgjande vurderingane.

§10 tek føre seg den samla belastninga av økosystemet i området. Det er få private hytter i verneområdet, men det er om lag 300 hytter i Hunnedalen som genererer mykje ferdsel inn i Frafjordheiane. Det er og ein del motorferdsle i område frå før i samband med transport av ved og proviant til stolar og driftehytter. I tillegg gjennomfører Stavanger Røde Kors Hjelpekorps og andre redningsgrupper 4 kjentmannsturar i året til kvar av turisthyttene.. Det er og mange skiløparar som nyttar dei tre turisthyttene i vintersesongen frå 12.2 til 1.5. Vinteren 2024 var det registrert 566 overnattingar på Sandvatn, 267 på Blåfjellenden og 167 på Langavatn. I tillegg går mange på dagstur til Sandvatn.

Sjølv om denne delen av Frafjordheiane er eit potensielt leveområde for villrein, og det er ein del både motorisert og ikkje motorisert ferdsle i område frå før, vurderer ikkje forvaltningsmyndigheita den samla belastninga som urovekkjande høg slik villreinens arealbruk er i dag. Etter forvaltningsstyresmakta si meining, vil den motorferdsla det er søkt om i relativt liten grad føre til større belastning på økosystemet i område. Motorferdsla følgjer faste køyreruter og dei alle fleste transportane gjennomførast i eit avgrensa tidsrom midt i februar. Om villreinen skulle endre sin områdebruk og på nytt ta i bruk Frafjordheiane, må desse løyva takast opp til ny vurdering.

I arbeidet med tiltaksplanar for villreininfjellet etter kvalitetsnorma har det vore drøfta om motorferdsla bør reduserast av omsyn til villreinen. Det har og vore drøfta om det bør gjerast endringar i løypenettet, tidspunkt for vintermerking og plassering av enkelte turisthytter. Med utgangspunkt i villreinens noverande områdebruk vil truleg slike tiltak ikkje være aktuelt i Frafjordheiane i første omgang. Dagens praksis for varetransport og vintermerking bør difor kunne vidareførast for ein ny løyveperiode.

§12 omhandlar miljøforsvarleg teknikkar, driftsmetodar og lokalisering. Etter forvaltningssekretariatet si vurdering vil transport med snøskuter være den beste løysinga for det transportbehovet som er skissert i søknaden.

§11 legg til grunn at eventuelle kostnader ved miljøforringing skal bærast av tiltakshavar. Tiltakshavar er fullt og heilt ansvarleg for ei miljømessig god løysing.

Konklusjon

Motorferdsla det er søkt om vil i liten grad ha ein negativ innverknad på verneverdiane i Frafjordheiane landskapsvernområde og kjem ikkje i konflikt med verneføremålet.



Arkivsaksnummer: 2025/12946

Saksbehandlar: Jørn Trygve Haug

Dato: 19.01.2026

Utval	Utvalsak	Møtedato
AU i verneområdestyret for SVR	10/26	23.01.2026

Søknad om tilbygg til jaktbu. Gnr. 2, bnr. 8. Kalsvatn - Enden. Dag Hovden mfl. Bykle kommune.

Vedlegg:

- 1 Søknad - Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde - Bykle 2/8 - Kalsvatn - Enden - tilbygg til jaktbu

Forvaltar si innstilling

Med heimel i verneforskrifta for *Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde* kap. 4 pkt. 1.3 bokstav c, får Dag Hovden gnr. 2, bnr. 8 i Bykle løyve til oppføring av eit tilbygg med vedskjul og utedo på eksisterande hytte ved Kaldsåvotni i Bykle kommune.

For tiltaket gjeld følgjande vilkår:

- Storleiken på tilbygget skal vera maksimalt 8 m² BYA og skal utformast i tråd med bilete og teikning i søknad dagsett 17.11.2025
- Kledning og taktekke skal vera lik eksisterande del av hytta. Høgda på fundament skal vera maksimalt 50 cm og vera av naturstein eller støytte pålar.
- Alt av bygningsavfall skal samlast inn og fraktast ut av verneområdet. Ubehandla treverk kan nyttast til brensel.
- Byggeløyvet gjeld til 23.3.2029. Forvaltningssekretariatet skal ha melding og bilete av tiltaket straks dette er ferdig.

Med heimel i verneforskrifta kap. 4 pkt. 5.4.c vert det gjeven løyve til bruk av snøskuter til frakt av materialar og utstyr til byggearbeidet. Løyvet gjeld for perioden 23.1.2026 – 28.2.2026 og med inntil fem turar med to snøskuterar i følgje. Utgangspunktet for transporten er Harteavatn. Godkjend køyrerute går fram av kartet i vedtaket. Løyvet skal alltid vera med under transporten. Før kvar tur må loggskjema fyllast ut. Skjemaet skal alltid følgje løyvet.

Om førar under transporten observerer villrein innanfor ein avstand på 400 meter frå traseen skal transporten utsettast slik at villreinen ikkje vert uroa.

Som grunngjeving legg arbeidsutvalet vekt på at tiltaket gjeld eit mindre tilbygg på eksisterande bygning av moderat storleik og der behovet er godt dokumentert. Grunna storleik og utforming som tilbygg til eksisterande hytte vil påverknad og eksponering i

landskapet bli minimal. Transport og byggeaktivitet vil vera forstyrrende for villrein og anna vilt som måtte opphalde seg i området. Påverkanden er likevel kortvarig og forbigående, og der mykje av transporten er lagt til ein periode på vinteren der det normalt er lite villrein i området. Det er også sett vilkår om å utsette transporten om det er villrein i området.

Kart med godkjend køyrerute merka med blå line:



For byggetiltaket og motorferdsla det er søkt om vil det i mange høve også vera naudsynt med løyve frå kommunen. Søknad om dette må sendast Bykle kommunen.

Etter § 10 i *Lov om motorferdsel i utmark* kan grunneigar nekte motorferdsel på sin eigedom. Vi oppmodar difor om at du hentar inn samtykke frå aktuelle grunneigarar der dette skulle være naudsynt.

--- slutt på innstilling ---

Saksopplysninger

Dag Hovden har søkt om løyve til å bygge på eksisterande jaktbu på Enden sør for Hartevasstjønn i Bykle (vedlegg 1). Storleiken på eksisterande hytte er 30 m² BYA. Storleiken på tilbygget er på 8 m² BYA. Tilbygget skal romme ein do og vedskjul, noko det ikkje er på staden i frå før. Hytta vart sett opp kring 1975. Som bileta i søknaden syner er eksisterande hytte kledt med grå/grøne plater i aluminium/stål. Taktekke er av shingel.

Eigedomen 2/8 er samla sett på 10 000 dekar fordelt på to separate teigar. Eigedomen er i eit sameige mellom fem sysken.

Det skal også bytast vindauge og dører på hytta. Då dette ikkje inneber ei fasadeendring vil ikkje dette vera søknadspliktig.

Det vert også søkt om bruk av snøskuter til frakt av materialar og mannskap til bygginga. Det vert søkt om fem turar med inntil to snøskuterar i følgje. Dette i tillegg til dei ordinære åtte årlege turane som søkar alt har. Køy reruta går i frå Hartevatn og via Kaldsåni. Det vil vera praktisk å kunne køyre to snøskuterar i følgje slik at ein får med mykje last på kvar tur. Søkar ser føre seg å frakte inn alt av materialar og utstyr denne vinteren og gjere unna arbeidet med dører og vindauge. Så føre opp tilbygget i løpet av sommaren, truleg i juli månad.

Køy rerute og plassering av eksisterande bygning går fram av kartet i framlegg til vedtak.

Formell bakgrunn for vurdering og vedtak

- Forskrift om vern av Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde av 28.04.2000
- Naturmangfoldloven
- Forvaltningsplan for verneområda i Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane frå 2015.

Heimelsgrunnlag

Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane landskapsvernområde vart verna ved Kronprinsregentens resolusjon av 28. april 2000. Føremålet med vernet er etter kapittel III i Føreskrift om vern av Setesdal Vesthei- Ryfylkeheiane landskapsvernområde:

1. Å ta vare på eit samanhengande, særmerkt og vakkert naturområde med urørte fjell, hei og fjellskogsområde med eit særmerkt plante- og dyreliv, stølsområde, beitelandskap og kulturminne.
2. Å ta vare på eit samanhengande fjellområde som leveområde for den sørlegaste villreinstamma i Europa.

Etter verneforskrifta kap. 4 pkt. 1.1 er det forbod mot oppføring av bygningar i verneområdet. Etter verneforskrifta kap. 4 pkt. 1.3 bokstav c kan det gjevast løyve til *mindre tilbygg til eksisterande bygningar*. Det er då ein føresetnad at tiltaket ikkje strir mot verneføremålet.

Motorisert ferdsel i Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane landskapsvernområde vert regulert av verneforskrifta kap. 4 pkt. 5.1.a kor det heiter at motorisert ferdsel på land er forbode. Etter kap. 4 pkt. 5.4.c kan det gjevast løyve til naudsynt luft og snøscootertransport for transport av materialar, brensel, utstyr og proviant til hytter og buer.

Hytta og delar av køyreruta ligg innanfor kalvingsområde for villrein der det jamfør verneforskrifta kap. 4 pkt. 4.2 er ferdselsforbod i perioden 25.4 – 31.5.

Tidlegare saker

Der det ikkje er til vesentleg ulempe for verneføremål og verneverdiar er det praksis for å tillate mindre tilbygg til eksisterande husvære. Ein føresetnad er at behovet er godt dokumentert og det ikkje inneber ein vesentleg auke i storleiken. Forvaltar syner til eit utval tidlegare saker på Bossbustøylane i Valle (sak 2020/226 og 2020/1651), Skarvebu i Bygland (sak 2022/4860) og Steintjønn i Åseral (sak 2021/6826).

Vurdering

Vurdering etter naturmangfaldlova (NML)

Etter § 7 i Naturmangfaldlova skal dei miljørettslege prinsippa i §§ 8 til 12 i naturmangfaldlova leggst til grunn som retningslinjer ved utøving av offentlig myndigheit. Forvaltingsmyndigheita må ved alle tiltak som vedkjem naturmangfaldet vurdere søknadane etter desse paragrafane

NML § 8 Kunnskapsgrunnlaget

Kunnskapen om naturmangfaldet i området er henta frå lokalkunnskap, Miljødirektoratet sin naturbase (www.naturbase.no), www.artsobservasjoner.no og database for sensitive artsdata, samt frå NINA sitt GPS-merkeprosjekt.

Eksisterande hytte ligg i 1200 meters høgde i eit ope høgfjellslandskap med skrinne vegetasjon. Med plassering i sør-enden av vatnet ligg hytta relativt eksponert mot vest og sør-vest, men ligg noko meir skjerma mot sør og aust der terrenget stiger ein del.

Data frå GPS-merkinga tyder på at villreinen nyttar området gjennom store delar av året. Eit unntak er månadane juli samt desember – februar då det er få registreringar. Søkar stadfester dette men meiner det i første rekke er ei periodisk tilstedevering. Normalt ser dei ikkje villrein eller spor dei gongane dei er innover.

Hovudtyngda av kalving går i praksis føre seg noko lengre sør, dvs i dalføret langs Vatnedalsvatnet – Ormsavatn.

Det er inga kjend kunnskap om hekkelokalitet for rovfugl i området der hytta står eller langs transportruta.

Ut frå omtalen ovanfor vurderer ein kunnskapsgrunnlaget å vera tilstrekkeleg til å fatte vedtak i saka. «Føre var prinsippet» i NML § 9 vert likevel tillagt i dei vidare vurderingane.

NML § 10 Økosystemtilnærming og samla belastning

Fjellområdet Enden ligg mellom Hartevatn og Vatnedalsvatnet som er regulerte magasin. Sjølve fjellplatået er relativt urørt. I luftline er det 3 km til nærmaste tekniske inngrep i form av inntaket til Kaldsåni kraftverk.

Det er inga merka sti i området med grunna nærleiken til dei store hytteområda på Hovden er det ein del ferdsel til fots og på ski inn frå kantane. Særleg gjeld dette til Svånuten aust for hytta og inn Vesterdalen lengre nord. Særleg på sein vinterene er det ein del som går skitur frå Ørnefjell/Svånuten og over til Vesterdalen.

Det er generelt lite motorisert ferdsel på denne heia, i praksis avgrensa til søkar og eit fåtal turar for grunneigarar med hytte i Vatnedalen/Ormsa, samt kraftselskapet.

NML § 11 Kostnadane ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar og NML § 12 Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar

Eksisterande hytta er av moderat storleik og forvaltar ser behovet for eit mindre tilbygg kombinert vedskjul og do. I høve til eksponering er det positivt at det vert ført opp som tilbygg i staden for eit separat bygg eit stykke unna hytta. Sjølv om tiltaket inneber ei viss standardheving så vil det neppe medføre noko vesentleg auke i bruken av hytta.

Den klart største ulempa er knytt til uro og forstyrring i byggeperioden og i samband med transporten. Det beste hadde vore å gjennomført all aktivitet i juli månad og med bruk av helikopter til transporten. Då styrar ein unna den mest sårbare hekketida for fugl og det er sjeldan et opphald seg villrein i området. Søkar er negativ til dette og meiner den avgrensa

belastninga av eit fåtal snøskuterturar ikkje kan forsvare ei dyr helikoptertransport. Ei alternativ kan vera å gjennomføre snøskutertransporten knytt til bygginga i perioden januar – februar så sant det er føre i denne perioden. Fram til 25. april vil søkar uansett kunne nytta ordinært løyve han allereie har.

Ut i frå ei samla vurdering meiner forvaltar det kan akseptast å gjennomføre transporten med snøskuter. Dette grunngjeven med at det gjeld eit fåtal ekstra turar og med relativt kort køyring i verneområdet. Det er heller ikkje eit årleg transportbehov men avgrensa til ein kort periode i samband med naudsynt utviding av hytta.

Andre vurderingar

Forvaltningsplanen gir inga eintydige føringar for storleik på tilbygg slik det her er tale om. Ut i frå behovet og den moderate storleiken det er søkt om bør tiltaket kunne akseptast.

Konklusjon

Søknaden vert innvilga med vilkår.

Dag Hovden

Sarvsvegen 37

4754 Bykle

Bykle, 17.11.2025

Verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane

Bykle Kommune

SØKNAD OM TILBYGG I VERNEOMRÅDET, KALSVATN («ENDEN 23») Gnr.2 Bnr. 8 i Bykle Kommune.

Eg er grunneigar av Gnr.2/Bnr.8 i Bykle kommune sammen med mine søster Unn Hovden, Kari Hovden Hoslemo, Ingvild Hovden og Agnes Hovden.

Vi vil med dette søke om løyve til å sette opp eit tilbygg på inntil 8 kvadratmeter til jaktbua vår på austsida av Nedre Kalsvatn på Enden. Hytta blei sett opp ca 1975.

Hytta er i dag på snaue 30 kvadratmeter, og har verken do eller vedbod. Det er etablert ein «doplass» i ei steinrøys 50 meter unna hytta, denne er ikkje tilgjengelig om vinteren, og er på alle måtar lite eigna.

Vi kan ikkje sjå at tiltaket vil ha verknad på verneverdiane. Installasjon av eit forbrenningstoalett vil i tilfelle ha positiv effekt i forhold til å gjere sitt fornødne «bak kvar ein stein» rundt hytta. Verneverdiane er ivaretatt gjennom streng avgrensing av bruk av snøskuter om vinteren, samt ferdselsforbod i reinsdyrkalvinga, og alle former for inngrep i landet og naturen.

I samband med tiltaket vil vi også utføre naudsynt vedlikehald, bl.a. bytte alle vindauge og dører.

Vi tar sikte på å frakte inn materialar med snøskuter, samt ein del køyring av arbeidsfolk i samband med arbeidet, sjøl om ein del av arbeidet (grunnarbeid mm) må gjerast på barmark. Vi reknar med at inntil 10 ekstra turar i tillegg til dei turane vi har løyve til i dag vil vere tilstrekkelig til å fullføre arbeidet. Det vil då vere naturleg å bruke 2 snøskuterar i følgje på ein del av turane, noko som jo vil redusere talet på turar. Vi vil ha med fagfolk på det meste av jobben for å redusere byggetida slik at det blir mest mogleg skånsamt.

Vedlagt følgjer kartutsnitt, bilde og skisser over fasade og plan på eksisterande hytte og omsøkt tiltak.




Fig. 1: Kartutsnitt. Hytta si plassering er markert med raud ring.



Dagens bu sett fra aust (Fasade aust (gavlvegg) og sør). Planlagt tilbygg er tenkt langs veggen mot sør.



Dagens bu sett frå Nord (Fasade nord og dels vest (gavlvegg)).



Dagens hytte sett frå Aust



Dagens fasade vest. Tilbygg er tenkt langs vegg til høgre for inngangsdør.




Dagens fasade sør. Tilbygg er tenkt langs vegg nærast, i heile lengda, og inntil 2 meter ut frå dagens vegg.



Dagens «doløysing».



Fasade vest med planlagt tilbygg inntegna til høyre.



Planteikning, omsøkt påbygg med blå ramme til høyre. Fasade nord er til venstre på teikninga. Vi søker om INNTIL 2 meter breidde på påbygget, truleg blir det litt mindre enn det.

På vegne av grunneigerane

Dag Hovden

daghovden@gmail.com

Tlf. 908 81 612



Arkivsaksnummer: 2026/1006

Saksbehandlar: Alf Odden

Dato: 19.01.2026

Utval	Utvalsak	Møtedato
AU i verneområdestyret for SVR	11/26	23.01.2026

Søknad om dispensasjon til utplassering av nye besestasjonar for elektronisk sporing av sau i SVR og Frafjordheiane landskapsvernområder, Åseral, Bygland, Sirdal, Gjesdal, Valle og Sandnes kommunar - Jæren Smalalag

Vedlegg:

- 1 Jæren Smalalag - søknad basestasjonar 2026
- 2 Jæren Smalalag - kart basestasjonar 2026
- 3 Jæren Smalalag - motorferdsel basestasjonar 2026

Forvaltar si innstilling

Jæren Smalalag får dispensasjon til å utplassere inntil 6 nye basestasjonar for elektronisk sporing av sau i delar av Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane og Frافjordheiane landskapsvernområder. Desse kjem i tillegg til dei 14 basestasjonane det vart gitt dispensasjon til i AU-sak 12/25.

Vedtaket er fatta etter § 48 i naturmangfaldslova og § 3, punkt 1.3, bokstav e i Forskrift om vern av Frافjordheiane landskapsvernområde.

Basestasjonane skal plasserast på Rjuven søraust (Valle), Beinleinuten (Valle), Gruvletinden (Valle), Ratlondalen nord (Åseral) og Vardefjell (Sandnes) i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde, samt Blåfjellenden (Gjesdal) i Frافjordheiane landskapsvernområde.


Utplasseringa skal skje i samsvar med kartet i vedtaket. Ved plassering meir enn 200 m frå oppgitt punkt på kartet skal SVR ha melding om dette.

Dispensasjonen gjeld for ein prøveperiode på 3 år fram til og med 2028. Etter beitesesongen 2027 skal ordninga evaluerast for å vurdere om basestasjonane samla sett medfører mindre ferdsel og belastning på verneområda. Om prøveordninga ikkje blir vidareført etter evalueringa må basestasjonane fjernast frå verneområde etter beitesesongen 2028, seinast innan 15.08.2029.

Oppsetting, tilsyn og feilretting vil medføre auka motorferdsel i område med lite ferdsel frå før. Det er derfor av stor betydning for verneområdestyret at basestasjonane faktisk medfører redusert ferdsel i samband med sanking og ettersanking på hausten. Jæren Smalalag må derfor både før og gjennom prøveperioden dokumentere omfanget av verksemda i samband med tilsyn, sanking og

ettersanking, og gi verneområdestyret tilgang til denne. Dokumentasjonen skal innehalde tal på dagsverk bruka til tilsyn, sanking og ettersanking for kvart heiesjefområde. Dokumentasjon for omfanget av verksemda for beitesesongane 2026-2028 må sendast verneområdestyret innan 31.12 kvart år.

Vedtaket blir grunngeve med at basestasjonane er relativt små og den negativ innverknaden på landskap og naturmangfald er derfor avgrensa. Det leggst og vekt på at basestasjonane lett kan fjernast frå verneområde når dei ikkje lenger er i bruk. Det blir og vektlagt at basestasjonane truleg vil medføre mindre ferdsel i samband med tilsyn, sanking og ettersanking av sau, og såleis samla sett vil medføre mindre belastning på verneverdiane. Motorferdsla som er nødvendig for utplasseringa og tilsyn har eit avgrensa omfang og kan samordnast med annan transport.



Kart over nye og eksisterande basestasjonar. Raude punkt viser basestasjonar i verneområda. Namn med raud skrift viser basestasjonane det er søkt om i 2026. Namn med svart skrift viser basestasjonar frå 2025. Svarte punkt viser basestasjonar utanfor verneområda.

Jæren Smalalag får dispensasjon til bruk av snøskuter for å utplassere basestasjonane Rjuven søraust (Valle), Beinkleinuten (Valle), Riskefjell (Valle), Gruvletinden (Valle), Ratlondalen nord (Åseral), Skrivarknuten (Åseral), Fitjaknuten (Sandnes) og Flatstølfjellet (Sirdal) i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde og Blåfjellenden (Gjesdal) i Frafjordheiane landskapsvernområde vinteren 2026. Jæren Smalalag får og dispensasjon til bruk av snøskuter til tilsyn og feilretting av desse basestasjonane for perioden 2026-2028

Snøskutertransportane skal samordnast med anna transport Jæren Smalalag har til sine hytter. Transportane skal følgje køyrerutene på karta i vedtaket. Før snøskutertransportane gjennomførast må Jæren Smalalag sende inn ei liste med namn på dei som skal gjennomføre dei ulike transportane.


Dispensasjonen er gitt etter kapittel 5, punkt 5.4, bokstav a i Føreskrift om vern av Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde og §3, punkt 5.3, bokstav a i Forskrift om vern av Frafjordheiane landskapsvernområde.

Jæren Smalalag får avslag på sin søknad om bruk av snøskuter for utplassering av basestasjonen på Skrivarknuten etter køyreruta frå Tjønndalen (Bygland). Denne køyreruta omfattar ein strekning på om lag 13 km innafor verneområde, mens Skrivarknuten kan nåast frå Bortelid med berre ein kort sving innom verneområde. Avslaget er gitt etter kapittel 5, punkt 5.4, bokstav a i Føreskrift om vern av Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde. Det blir i staden gitt dispensasjon for køyreruta frå Bortelid.

Jæren Smalalag får avslag på sin søknad om bruk av snøskuter for utplassering av basestasjonen på Rjuven søraust (Valle) etter køyreruta frå Suleskard (Sirdal). Denne køyreruta omfattar ein strekning på om lag 30 km innafor verneområde, mens Rjuven søraust kan nåast frå Berg og Stavskar etter ei køyrerute på om lag 12 km i verneområde. Avslaget er gitt etter kapittel 5, punkt 5.4, bokstav a i Føreskrift om vern av Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde. Det blir i staden gitt dispensasjon for køyreruta frå Stavskar (Valle). Eventuelt tilsyn med basestasjonen på Dravleskarven skal og skje etter køyrerute frå Stavskar.

Dispensasjonen gjeld for følgjande køyreruter, tidspunkt og tal på snøskutertransportar:

- Ein snøskutertransport med inntil to snøskuterar frå Høgaleite til Blåfjellenden i tidsrommet 01.02-30.04 for åra 2026-2028



- For køyreruta til Flatstølfjellet blir det gitt dispensasjon til å køyre i verneområdet rundt Vatn 702 i Flatstøldalen dersom løypa ikkje kan leggest over isen.

- Ein snøskutertransport med inntil to snøskuterar frå Ådneram til Fitjaknuten i tidsrommet 01.02-30.04 for åra 2026-2028




- Ein snøskutertransport med inntil to snøskuterar frå Suleskard til Beinleiknuten og vidare til Riskefjell i tidsrommet 01.02-14.04 for åra 2026-2028. Merk at løyveperioden er avgrensa til 14. april ettersom køyreruta går gjennom trekksona Svarteløkfjellet




- Ein snøskutertransport med inntil to snøskuterar frå Flatestøyl til Gruvlenuten i tidsrommet 01.02-30.04 for åra 2026-2028




- Ein snøskutertransport med inntil to snøskuterar frå Kvifjorden til nord for Ratlondalen i tidsrommet 01.02-30.04 for åra 2026-2028



- Ein snøskutertransport med inntil to snøskuterar opp til Skrivarknuten frå Bortelid i tidsrommet 01.02-30.04 for åra 2026-2028



- Ein snøskutertransport med inntil to snøskuterar frå Stavskar til Rjuven søraust i tidsrommet 01.02-25.04 for åra 2026-2028. Merk at løyveperioden er avgrensa til 25. april ettersom køyreruta går gjennom kalvingssona Svarvaren.



Dispensasjonane blir gjeve med desse vilkåra:

- Om det blir observert villrein nærare enn 400 m køyrerute eller monteringspunkta må utplassering/tilsyn vente til faren for forstyrring er over
- Søkar skal fjerne basestasjonane frå verneområdet når dei ikkje lenger er i bruk
- Dersom det blir brukt boreboltar til forankring av basestasjonane skal boreboltane fjernast når basestasjonane ikkje lenger er i bruk. Borehola skal tettast med materiale som hindrar inntrenging av vatn . Tettingsmaterialet skal ha ein farge og konsistens som skil seg minst mogleg frå berggrunnen på staden
- Basestasjonane må ikkje plasserast på eller rett ved toppvardar og trigonometriske punkt
- Basestasjonane skal ikkje ha ei samla høgde som overstig 3 m
- Antenne og solcellepanel skal ha ei overflatebehandling som ikkje gir gjenskin i sollys
- Tilgrensande sankelag må etter avtale få tilgang til basestasjonane for å avgrense det totale talet på slike stasjonar

Elektroniske data om sauens arealbruk under beiting kan ha mange bruksområde innanfor forskning og forvaltning. Elektroniske data frå sporingseiningar og basestasjonar skal derfor lagrast og gjerast

tilgjengeleg for Verneområdestyret for SVR, NINA og andre relevante forskingsinstitusjonar og forvaltningsorgan.

Det vil være nødvendig med løyve frå grunneigar for oppsetting av basestasjonane. Det må og sendast førespurnad til aktuelle kommunar slik at dei kan vurdere om tiltaka er søknadspliktige etter Plan- og bygningslova.

For bruk av snøskuter vil det i mange høve også vera naudsynt med løyve etter *Lov om motorferdsel i utmark*. Søknad om dette må sendast kommunen.

Etter § 10 i *Lov om motorferdsel i utmark* kan grunneigar nekte motorferdsel på sin eigedom. Det er Jæren Smalalag sitt ansvar å hente inn samtykke frå aktuelle grunneigarar. --- slutt på innstilling ---

Saksopplysninger

Bakgrunn for søknaden

Viser til søknad datert 18.12.2025 og supplerande opplysningar frå 19.12.2025. Viser og til dispensasjon til tilsvarande basestasjonar gitt i AU-sak 12/25.

Jæren Smalalag søker om dispensasjon til å utplassere 6 nye basestasjonar for elektronisk sporing av sau i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane og Frafjordheiane landskapsvernområder. I tillegg skal 2 basestasjonar plasserast rett på utsida av vernegrensa og 3 litt lenger unna. Det søkast og om snøskutertransport gjennom verneområde for utplassering av 9 av basestasjonane. Jæren Smalalag søker og om dispensasjon til å bruke snøskuter til tilsyn med desse 9 basestasjonane. Søknaden gjeld for 2025-2029.

Plassering

Verneområde


Rjuven søraust	SVR, Valle
Beinleinuten	SVR, Valle
Gruvletinden	SVR, Valle
Ratlondalen nord	SVR, Åseral
Vardefjell	SVR, Sandnes
Blåfjellenden	Frafjordheiane, Gjesdal
Riskefjell	Rett utanfor verneområde, Valle
Skrivarknuten	Rett utanfor verneområde, Åseral
Flatstølfjellet	Utanfor verneområde, Sirdal
Fitjaknuten	Utanfor verneområde, Sandnes
Tveideknuten	Utanfor verneområde, Gjesdal

Stadig fleire saueigarar utstyrer nå dyra sine med ein sporingseining og søker meiner det kan ha stor nytteverdi. Jæren Smalalag ser føre seg at sankearbeidet kan gjerast meir målretta og effektivt. Søkar opplyser at 16% av dei vaksne søyene i Jæren Smalalag sitt område hadde sender i 2025 og at dette vil auke til om lag 25% i 2026.

Sporingseiningane er av typen Gjetargut som sender signal til basestasjonar som står på stadar med 4G telefondekning. Ved utplassering av basestasjonar på dei 11 toppane, saman med tidlegare utplasserte basestasjonar, vil desse gi god dekning i dei aktuelle beiteområda.

Søkar oppgir at basestasjonane er maksimalt 2.5m høge, og at dei består av ei mast med antenne og solcellepanel, samt ein liten boks med batteri som står på bakken. Solcellepanelet har ein storleik på 54x120 cm. Heile basestasjonen veg om lag 30 kg.

På produsenten si nettside finn ein dette bilete av basestasjonane.



Formell bakgrunn for vurdering og vedtak

- Forskrift om vern av Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde av 28.04.2000
- Forskrift om vern av Frafjordheiane landskapsvernområde av 30.01.2004
- Forvaltningsplan for SVR, godkjent 2015
- Naturmangfoldlova

Heimelsgrunnlag

Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde ble vernet ved Kronprinsregentens resolusjon av 28. april 2000.

Formålet med vernet går frem av kapittel III i Forskrift om vern av Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane landskapsvernområde:

- “1. Å ta vare på et samanhengande, særpreget og vakkert naturområde med urørte fjell, hei og fjellskogsområder med et særpreget plante- og dyreliv, stølsområde, beitelandskap og kulturminne.

2. Å ta vare på et samanhengande fjellområde som leveområde for den sørlegaste villreinstammen i Europa. “

Verneforskriftas kapittel IV punkt 1.1 forbyr inngrep som *“vesentleg kan endre landskapets art eller karakter”*. Forskriftens opplisting under punkt 1.1 setter et generelt forbod mot mellom anna nye anlegg. Verneføreskrifta inneheld heller ingen spesifikke dispensasjonsheimlar som opnar for nye anlegg. Søknaden om basestasjonane må derfor handsamast etter §48 i naturmangfaldlova. Etter denne paragrafen kan det gjerast unntak frå vernebestemminga om det ikkje strir mot verneføremålet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig.

Motorisert ferdsel i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde blir regulert av verneforskrifta sitt kapittel 5, punkt 5.1, bokstav a, kor det heiter at motorisert ferdsle på land er forbode. Vidare heiter det i kapittel 5, punkt 5.4, bokstav a, at forvaltningsstyresmakta etter søknad kan gi løyve til *«Naudsynt luft og snøscootertransport som trengst i samband med jord- og beitebruk, t.d. frakt av gjerdeutstyr»*.

Etter forvaltningsstyresmakta si vurdering kjem motorferdsla det er søkt om inn under kapittel 5, punkt 5.1, bokstav a, og treng derfor dispensasjon kapittel 5, punkt 5.3, bokstav a for å kunne gjennomførast.

Frafjordheiane landskapsvernområde og dei tilgrensande naturreservata Ørestø og Migaren vart oppretta ved Kronprinsregenten sin resolusjon 19.12.2003. Direktoratet for naturforvaltning vedtok 30.01.2004 ei mindre endring i verneforskrifta

Føremålet med opprettinga av Frafjordheiane landskapsvernområde er etter §2 mellom anna:

- å ta vare på eit representativt, særprega og vakkert landskap, med bratte fjord- og dalsider via lågheiar opp til glattskurt høg fjell.
- å ta vare på vatn og vassdrag, viktige leveområde for eit særmerkt plante- og dyreliv, geologiske landskapsformer, samt beite- og stølslandskap med automatisk freda og nyare tids kulturminne.

Vidare heter det at *“Allmenta skal ha høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med lita grad av teknisk tilrettelegging”*.

Byggetiltak i verneområdet blir regulert av verneforskrifta si §3, punkt 1.1 Her heiter det at det må ikkje gjerast inngrep som vesentleg kan endra eller verka inn på landskapet sin art eller karakter. Vidare heitar det at med dei unntak som følgjer av forskrifta pkt. 1.2 og 1.3, er det forbod mot inngrep som mellom anna nye bygningar og anlegg.

I verneføreskrifta sin §3, punkt 1.3 blir det rekna opp ein del byggetiltak som forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til etter søknad. Under bokstav e finn ein tiltaket *«Oppføring av bygningar som er naudsynte i samband med landbruksdrift»*.

Etter forvaltningsstyresmakta sitt syn, vil ein basestasjon på Blåfjellenden falle inn under denne formuleringa i verneføreskrifta. Det omsøkte tiltaket må derfor ha dispensasjon etter §3, punkt 1.3, bokstav e for å kunne gjennomførast.

Motorisert ferdsel i verneområdet blir regulert av verneforskrifta §3, punkt 5.1. Her heter det at motorferdsel er forbode på land og i vatn. I §3, punkt 5.3, bokstav a. heter det vidare at

forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gje løyve til bruk av båt med motor, motorkøyretøy på frosen eller snødekt mark, eller luftfartøy til transport av materialar til vedlikehald og byggearbeid på hytter, klopper o.l.

Motorferdsloa det er søkt om kjem etter vårt syn inn under §3 punkt 5.1 og krev derfor dispensasjon etter §3, punkt 5.3, bokstav a for å kunne gjennomførast.

Forvaltningsplan for SVR omtaler kommunikasjonsanlegg i kapittel 2.3.4 på side 30. Her går det mellom anna fram at:

«Forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gje løyve til bygging av ulike kommunikasjonsanlegg. Antenneanlegg og linkstasjonar skal så langt det er råd samlokalisert, og primært byggast der det er slike anlegg frå før. Om mogleg skal slike anlegg lokalisert utanfor verneområda.»

Verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane har forvaltningsmynde for Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane og Frafjordheiane landskapsvernområder.

Vurdering

Naturmangfaldlova

Etter § 7 i Naturmangfaldlova skal dei miljørettslege prinsippa i §§ 8 til 12 leggst til grunn som retningslinjer ved utøving av offentlig myndigheit. Forvaltningsmyndigheita må ved alle tiltak som vedkjem naturmangfaldet, vurdere søknadane etter desse paragrafane.

Innverknad på verneverdiar og verneføremål

Dei fleste av basestasjonane ligg sentralt i dei sørlege delane av verneområde, mellom Svartevassmagasinet i nord og Kvifjorden i sør. Dei aktuelle stadane for basestasjonane ligg om lag 700-1382 moh i eit ope storkupert høgfjells- og heilandskap. Generelt er vegetasjonen i området skrin og består av lav, gras og lyngartar. Det er og mykje bart fjell.

Desse delane av verneområdet blir ein del brukt av villreinen på ulike tider av året. Med unnatak av dei vestlege delane inngår område i det sentrale vinterbeiteområde for sørstamma i Setesdal Ryfylke villreinområde. Resultata frå NINA sitt GPS-merkeprosjekt (NINA rapport 694/2011) og nyare GPS-data frå www.dyreposisjoner.no (2011-2025), viser og at det har vore villrein på alle dei toppane om vinteren (desember-mars), med unnatak av dei tre vestlegaste toppane. Når det gjeld barmarkssesongen (juni-oktober) har det vore villrein ved alle toppane med unnatak av den sørlegast og dei tre vestlegaste. I Norsk Villreinsenters rapport Kartlegging av villreinens arealbruk i Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei (NVS rapport 6/2010) er det registrert faste villreintrekk langs køyrerutene til fleire av toppane.

Med unnatak av toppane lengst i sør og vest er det sannsynleg at det vil bli observert villrein langs køyrerutene. Det er derfor svært viktig at vilkåra i vedtaket om å ta omsyn til villreinen blir følgt opp. I Norsk raudliste for artar for 2021 vart villrein oppført som nær truga (NT).

Kunnskap om naturmangfaldet i området baserer seg og på Miljødirektoratet sin naturdatabase med innsyn til sensitiv informasjon (www.naturbase.no). Så langt forvaltningsstyresmakta kjenner til etter søk i Naturbase, er det ikkje registrert informasjon om prioriterte artar, trua eller nær trua artar på Norsk raudliste for artar 2021 eller andre verdifulle artar i det aktuelle området. Det er heller ikkje registrert informasjon om utvalde naturtypar, trua eller nær trua naturtypar på Norsk raudliste for

naturtypar 2025 eller andre verdifulle naturtypar. Det er heller ikkje komme fram andre opplysningar som tyder på at det finns slike arter og/eller naturtypar i det aktuelle område.

Kunnskap om kulturminne i området baserer seg på Riksantikvaren sin kulturminnebase Askeladden. Det er ikkje registrert kulturminne i nærleiken som kan ta skade av tiltaka og motorferdsla det er søkt om.

Kunnskapsgrunnlaget (§8) som ligg føre for å vurdere dei omsøkte tiltaka si innverknad på verneverdiar og verneføremål, må derfor vurderast som tilstrekkeleg til at forvaltningsstyresmakta kan fatte vedtak i saka. §9 om "Føre var prinsippet" vil derfor bli tillagt mindre vekt i dei følgjande vurderingane.

§10 tek føre seg den samla belastninga av økosystemet i området. Det er fleire store reguleringsmagasin i område. Brokke-Suleskardvegen og to kraftlinjer går og gjennom delar av område. Område har og eit og eit godt utbygd turisthytte- og løypenett, fleire Statskoghytter og fleire private hytter og stølar. Det samla belastninga på område blir vurdert som moderat.

Utsetting av basestasjonane vil medføre tekniske inngrep på elles urørte stader. Samstundes er basestasjonane relativt små, og derfor ikkje synlege på lang avstand sjølv om dei er plassert høgt i terrenget. Basestasjonane er heller ikkje permanente inngrep da dei lett kan fjernast når dei ikkje skal brukast lenger. Basestasjonane i seg sjølv vil truleg ikkje ha nemneverdig negativ innverknad på villrein eller anna vilt. Transport, utplassering og tilsyn med basestasjonane vil medføre ein noko auka motorferdsel på stader med lite besøk frå før. Det har derfor blitt gitt avslag på to av køyrerutene for å redusere køyrestrekninga i verneområda. Å kunne GPS-spore sau på beite vil truleg spare sankelaga ein del arbeid med tilsyn og samling, og kan potensielt redusere ferdsla i verneområde.

Etter verneområdeforvaltar si vurdering vil dei 6 basestasjonane det er søkt om berre ha ein avgrensa negativ innverknad på landskap og naturmangfald. I denne vurderinga leggst det særleg vekt på at dei tekniske installasjonane er små samstundes som dei er midlertidige. Motorferdsla som er nødvendig for utplassering og tilsyn har eit avgrensa omfang. Det er og godt håp om at denne ordninga på sikt kan medføre redusert ferdsel i samband med tilsyn og sanking av sau.

§12 omhandlar miljøforsvarleg teknikkar, driftsmetodar og lokalisering. Utsetting av basestasjonar for elektronisk sporing av sau er eit relativt nytt tiltak i verneområda. Det er samstundes ingen tvil om at dette er eit tiltak som vil lette arbeidet for sankelaga. Betre kunnskap om sauens sin arealbruk under beiting, vil og være av stor interesse for forskning innanfor tema som økologiske effektar av sauebeite og samspelet mellom sau og villrein. Basestasjonane er plassert på stader kor den negative innverknaden er avgrensa.

§11 legg til grunn at eventuelle kostnader ved miljøforringing skal bærast av tiltakshavar. Tiltakshavar er fullt og heilt ansvarleg for ei miljømessig god løysing.

Konklusjon

Utplassering av dei 6 basestasjonane vil berre i liten grad ha ein negativ innverknad på verneverdiane i Frafjordheiane og Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområder. Tiltaket blir heller ikkje vurdert til å være i strid med verneføremålet. Det kan derfor gis dispensasjon på vilkår etter naturmangfaldslovas § 48, første ledd og dei aktuelle verneføreskriftene.

Til

SVR v. Alf Odden

Sirdal kommune

Bykle kommune

Valle kommune

Bygland Kommune

Sandnes kommune

Gjesdal Kommune

Nærbø 18.12 2025

Frå

Jæren Smalelag

v. Hanne-Elise Lindal/sekr.

Søknad om supplerings og oppsett av basestasjonar ifbm elektronisk sporing av sau.

Jæren Smalalag arbeider for at saueeigere som ynskjer å ta i bruk sporingssystemet "gjetergut" skal få mulighet til dette. Me fekk godkjenning av 17 basestasjonar , derav 13 i verneområdet SVR i 2025.

Nå har me prøvd ut systemet gjetergut i beitesesongen 2025. Det har synt seg at skal dekningsgraden verta tilfredstillande og interessant for brukerne må det supplerast med ytterligere 12 basestasjonar.

Av 12 basestasjonar er 6 stk i verneområdet SVR.

Sporingsystemet "Gjetergut" er godt utbygd aust, nord og litt vest for Jæren smalalag området. No ser det også ut som nettet utvikler seg litt sørover også. Me ser det derfor som eit nyttig hjelpemiddel til å finne sau på avveie.

Systemet kan og vera til hjelp i ettersankingsperioden for heiesjefane. Dette betinger at saueigere ser seg råd til å investere i sendere til eit utval av sine sauer. Me tenkjer at dette vil vera eit positivt tiltak for både saueeigere og heiesjefer med hovedmål om å få sauene heim innan rimeleg tid.

Det er planlagt ytterligere 12 basestasjonar, derav 6 i verneområdet SVR. Dekningsgraden bestemmer plasseringene. Basestasjonar vert ikkje montert opp utan tillatelse foreligger frå grunneiger. Kommunene har tidlegare henvist til byggeforskriften (SAK!0 § 4-1 f) nr 5. Derav er denne installasjon unntatt søknadsplikt.

Jæren Smalalag håper på positiv respons , slik at me kan nytte det elektroniske sporingssystemet.,
gjetergut,

Vedlegg 1; Kart Basestasjoner


Vedlegg 2; Kort om basestasjonen

Vedlegg 3; Geokoordinater

Vedlegg 4; Transportbehov

Vedlegg 5; Scootertraseer mtp løyver matr./basestasjon

Rød prikk = Innenfor landskapsvernområde



Brokke-Nomeland-Uppstad

Rjuven Sør	scooter
Uppstad N	scooter
Beinleinuten	scooter

Rysstadheia

Gruvletinden	Scooter
--------------	---------

Langeid-Hegglandsheia

Skrivarknuten	Scooter
---------------	---------

Austre Kvihei

Ratlondalen N	Scooter
---------------	---------

Fidjelsheia

Storeknuten	Scooter
-------------	---------

Suleskardheia

Flatstølfjellet	Scooter/ eller til fots
-----------------	-------------------------

Grautheller

Fitjaknuten	Scooter
-------------	---------

Sinnesheia og Grautheller

Vardefjell	til fots
------------	----------

Blåfjellenden

Blåfjell	Scooter
----------	---------

Hunnedalsheia og Tveideheia

Tveideknuden	til fots
--------------	----------



U.off: offl. § 24

Arkivsaksnummer: 2026/952

Saksbehandler: Jørn Trygve Haug

Dato: 19.01.2026

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
AU i verneområdestyret for SVR	12/26	23.01.2026

Oppfølging av ulovlig motorferdsel i verneområdet. Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskpsvernområde.


Forvalters innstilling

--- slutt på innstilling ---

Saksopplysninger

Formell bakgrunn for vurdering av saka

- Forskrift om vern av Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde av 28.04.2000
- Naturmangfoldloven
- Delegasjonsreglement for verneområdestyret vedteken 25.8.2025
- Miljødirektoratet sin rettleiar M – 2692 om *Oppfølging av ulovlige forhold i verneområder*.




Ved brot på verneforskrifta kan det gjevast overtredelsesgebyr etter naturmangfaldslova §74. Det kan også gjevast straff etter § 75.

Vurdering

Overtredelsesgebyr etter naturmangfaldslova § 74 er jamfør Miljødirektoratet sin rettleiar meint for mindre brot på vilkår i eit løyve og overtredelse av lite omfang, og som er utan eller med svært små konsekvensar for natur eller dyreliv. Det er Miljødirektoratet som må fatte vedtak om slikt gebyr.

Alvorlege brot på verneforskrifta skal meldast til politiet. Ulovleg motorferdsel er i Miljødirektoratet sin rettleiar nemnd som tilhøve som normalt skal meldast til politiet.



Forvaltar meiner at den aktuelle saka er såpass alvorleg at den bør meldast til politiet.

Konklusjon

Saka vert meld til politiet.

AU 13/26 Eventuelt